

Inn i ei ny tid
Organisasjonsanalyse av
Bondeungdomslaget i Oslo

Av
Sigrid Røyseng

Arbeidsrapport nr. 2-2007

TELEMARKSFORSKING-BØ

© Telemarksforsking-Bø 2007
Arbeidsrapport nr. 2
ISSN 0802-3662
Pris: kr. 140

Telemarksforsking-Bø
Postboks 4
3833 Bø i Telemark
Tlf: 35 06 15 00
Fax: 35 06 15 01
www.telemarksforsking.no

FORORD

Hausten 2005 blei Telemarksforsking-Bø kontakta av Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) som spurde om vi kunne gjere eit forskingsprosjekt som tar tak i ein del utfordringar laget står overfor. To spørsmål blei peika på som dei mest prekære: Nedgangen i medlemstalet og den komplekse organisasjonsstrukturen. Forskingsprosjektet skulle skaffe fram kunnskap som i neste runde kunne vere til hjelp i arbeidet med å finne løysingar på BUL sine utfordringar. Prosjektet starta opp sommaren 2006 og har gått føre seg i nært samarbeid med eit utval som har ansvaret for ein organisasjonsutviklingsprosess internt i BUL.

I arbeidet med prosjektet har eg møtt mange engasjerte medlemmer og tilsette. Desse møta har vore heilt avgjerande for å gjennomføre dette forskingsprosjektet. Ein stor takk til alle som har bidratt med si tid, sin kunnskap og sin entusiasme! Og tusen takk for eit interessant og lærerikt oppdrag!

Karl Gunnar Sanda og Per Mangset ved Telemarksforsking-Bø har lese rapporten. Tusen takk for konstruktive kommentarar!

Bø i Telemark, 1. februar 2007
Sigrid Røyseng

INNHALD

1	EIT KVALITATIVT NYTT ORGANISASJONSSAMFUNN.....	9
1.1	STORE UTFORDRINGAR.....	9
1.2	STOLT HISTORIE	10
1.3	FRIVILLIG SEKTOR I ENDRING.....	12
1.4	METODANE OG MATERIALET	13
2	GLEDA OVER AKTIVITETANE OG MILJØET	16
2.1	DEI GODE OPPLEVINGANE	16
2.2	Å FÅ VERE SEG SJØLV SAMAN MED ANDRE	18
3	”VI ER IKKJE AKKURAT BØNDER VI DA!”	22
3.1	PÅ TIDE MED EIN ”MAKE-OVER”	22
3.2	INNVIGSELSRITUALET OG TRUVEDKJENNINGA	23
3.3	BONDEN OG DEI VANSKELEGE ASSOSIASJONANE.....	26
3.4	”Å VERE KULTURBERAR UTAN Å VERE SIDROMPA”	29
3.5	KAMPSAK ELLER TVANGSTRØYE.....	30
3.6	EDRUSKAP OG NASJONALT SJØLVSTENDE	32
3.7	”EIN PENGESEKK LITT HØGARE OPP”	32
3.8	OPPSUMMERING.....	36
4	DEN LANGE VEGEN TIL HANDLING	37
4.1	EIN UOVERSIKTLEG ORGANISASJON	37
4.2	EIT LAG MED KRYMPESMERTER	38
4.3	GRETNE GAMLE GUBBAR.....	39
4.4	EIT ELDSTESTYRE?	43
4.5	OPPSUMMERING.....	44
5	VEGEN VIDARE	45
6	LITTERATUR.....	47
7	VEDLEGG – INTERVJUGUIDE FOR FOKUSGRUPPEINTERVJUA.....	49

SAMANDRAG

Utgangspunktet for dette forskingsoppdraget er to utfordringar Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) står overfor i dag: Nedgang i medlemstalet og stor og tungrodd organisasjonsstruktur. På bakgrunn av desse to utfordringane tar forskingsprosjektet sikte på å undersøkje følgjande problemstillingar:

- 1) Kva er det som motiverer og eventuelt demotiverer medlemmene til å delta i laget sine aktivitetar?*
- 2) Korleis fungerer organisasjonsstrukturen i dag, og kva kan eventuelt gjerast for å gjere denne betre eigna for BUL anno 2007 og vidare fram?*

Rapporten byggjer på fleire typar materiale: observasjon av møte og aktivitetar, analyse av dokument og intervju av fokusgrupper. Fokusgruppeintervjua er den delen av materialet som er mest framtrekande i rapporten.

Bondeungdomslaget i Oslo blei etablert i 1899 som ein del av den frilyndte ungdomslagsrørsla. Med dette plasserte BUL seg innanfor ein særskild ideologi med folkeopplysning og norskdom som sentrale stikkord. Dette forskingsprosjektet viser at den breie ideologien BUL er etablert med utgangspunkt i, ikkje gir meining for medlemmene av i dag. Medlemmene gir uttrykk for mange og ulike verdistandpunkt. Dette tyder at BUL no må diskutere seg fram til eit ideologisk fundament som opnar for forskjellar og heterogenitet. Det treng ikkje å bety at BUL mister særpreget sitt. Uttrykk som ”å vere kulturberar” og ”å forvalte den nasjonale kulturarven” representerer verdiar som mange av dagens medlemmer finn meningsfulle.

Organisasjonsstrukturen i BUL speglar den ideologien BUL blei oppretta innanfor. Strukturen er kompleks med mange råd, styrer, utval og nemnder. Modellen byggjer på aktive medlemmer som investerer mykje i dei demokratiske prosessane internt. Talet på verv er no urimeleg høgt i forhold til talet på medlemmer. Samtidig som det er blitt færre medlemmer til å ta på seg verva, er medlemmene blitt mindre motiverte for å engasjere seg i styre og stell. Dei er primært medlemmer av BUL fordi dei ønskjer å drive med bestemte aktivitetar. Det er aktivitetane i særлага og miljøet rundt aktivitetane som først og fremst motiverer medlemmene. Dei fortel med stor entusiasme om moroa og miljøet dei opplever i særлага. BUL er samtidig prega av stor frustrasjon over organisasjonsstrukturen og organisasjonskulturen. Det er for lang veg frå idé til handling. For å gjere denne vegen kortare må BUL forenkla organisasjonsstrukturen og vitalisere organisasjonskulturen. Ein bør i tillegg vurdere alternativ som avdramatiserer medlemskapen i BUL. Kanskje er tida inne for lausare og mindre forpliktande tilknytningar?

At den breie ideologien som BUL har som sitt fundament, ikkje lenger gir meining for medlemmene, rører også ved forholdet mellom særлага og hovudlaget. Grunngevinga bak

relasjonane mellom hovudlaget og særlaga er i dag uklar. Forholdet mellom eit av særlaga, Idrottslaget, og hovudlaget har ei lang og konfliktfylt historie. Denne saka bør finne ei løysing, men den må løftast over det nivået kor det er historisk nag og personleg stoltheit som styrer.

1 EIT KVALITATIVT NYTT ORGANISASJONSSAMFUNN

1.1 Store utfordringar

Utgangspunktet for dette forskingsoppdraget er to utfordringar Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) står overfor i dag: 1) Nedgang i medlemstalet og 2) stor og tungrodd organisasjonsstruktur.

Ein artikkel i BUL-stikka (5/2005) viser ein nedslåande medlemsstatistikk for Bondeungdomslaget i Oslo. Mens BUL i toppåret 1921 hadde om lag 2000 betalande medlemmer, var talet i 2006 berre ein fjerdedel, altså noko i overkant av 500. Mens medlemstalet var stabilt høgt (mellom 1500 og 1800 medlemmer) heilt fram til 1960, har det etter dette vore ein jamn nedgang. Og som om ikkje det er nok: Statistikken viser at gjennomsnittsalderen blant medlemmene i dag er høg. 30 % av lagsmedlemmene er fødd før krigen. Ein av fem er fødd før 1930. Om ikkje nyrekrutteringa skyt fart, ber alderssamansettinga i laget såleis bod om nedgang også i åra som kjem. Forfattaren av artikkelen i BUL-stikka, Erik Bolstad, håper derfor at statistikkgjennomgangen ”kan vere med på å få alarmklokkene til å ringje i heile laget: Vi må gjere noko med medlemsnedgangen og den stigande snittalderen før det er for seint.”

Samtidig som medlemstalet er kraftig redusert, har organisasjonen valt å halde seg med ein stor og kompleks organisasjonsstruktur. Den formelle organiseringa av laget kan skildrast med følgjande stikkord: eit omfattande lovverk, ei rekkje styrer og nemnder, mange verv og lange avgjerdsprosessar. Meir konkret har Bondeungdomslaget per i dag fem særslag: Spellaget, Leikarringen, Barnelaget, Idrottslaget og Songlaget. Desse har eigne styre, nemnder og rutinar for å organisere sine aktivitetar. I neste tur er dei underlagde hovudlaget sine organ: årsmøtet, lagsmøtet, rådet og styret. I tillegg har laget fleire årsmøtevalde nemnder: bunadsnemnda, målnemnda, to hyttestyre og bladstyret, som har ansvaret for lagsbladet BUL-stikka. Utover dette kjem nemnder og utval som oppnemnst i samband med aktuelle saker og arrangement. BUL eig dessutan selskapet Bøndenens Hus AS, som eig bygarden Rosenkrantz gt. 8 og forretningane Heimen Husflid, Bondeheimen og Kaffistova. På nasjonalt nivå er BUL tilslutta Noregs Ungdomslag (NU) og Noregs Mållag (NM) med dei retter og plikter det fører med seg. Både NU og NM har i tillegg eit fylkesnivå som inneber at BUL også relaterer si verksemd til Bygdelagssamskipnaden (BLS) og Fylkeslaget Vikværingen.

Den store og komplekse strukturen i BUL har skapt frustrasjonar internt. Vegen frå idé til handling blir ofte så lang at det er lett å gi opp før ein eigentleg har starta. I håp om å gjere denne veggen noko kortare har laget sett i gong ein organisasjonsutviklingsprosess kor dette forskingsprosjektet inngår. Målet med organisasjonsutviklingsprosessen er å gjere endringar som kan vitalisere BUL.

På bakgrunn av desse to utfordringane tar forskingsprosjektet sikte på å undersøkje følgjande problemstillingar:

- 3) *Kva er det som motiverer og eventuelt demotiverer medlemmene til å delta i laget sine aktivitetar?*
- 4) *Korleis fungerer organisasjonsstrukturen i dag, og kva kan eventuelt gjerast for å gjere denne betre eigna for BUL anno 2007 og vidare fram?*

For å finne ut kor ein vil gå, kan det vere greitt å vite kor ein kjem frå. Vi skal derfor starte med å gjere oss litt betre kjent med nokre moment i den historiske samanhengen BUL blei oppretta innanfor.

1.2 Stolt historie

Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) blei stifta i 1899, i ei tid da tilflyttinga til Oslo frå bygdene var enorm. I løpet av perioden frå 1875 til 1900 voks folketalet i byen frå 95 000 til 227 000 (Almenningen 1989:11). Industrialiseringa innebar stor sosial omvelting. Omlegginga av landbruket gjorde menneske overflødige på bygdene, mens den veksande industrien trong ny arbeidskraft. Såleis gjekk flyttestraumen frå bygdene til byen. Dei mange som flytta frå bygdene til byen, måtte finne seg til rette i nye og ukjende omgivnader. 90-årssoga til BUL gir innblikk i korleis denne omstillinga fortona seg (Almenningen m.fl. 1989). På den eine sida representerte innflyttarane kulturelt noko framant som ikkje blei akseptert. Språket, skikkane og klede til tilflyttarane skilte seg markant frå bykulturen. Mange opplevde mobbing, utstøyting og krav om tilpassing. På den andre sida voks det fram ei rørsle som meinte at bondekulturen måtte vere kjernen i det norske. Frå denne ståstaden sto bykulturen fram som eit dårleg utgangspunkt for nasjonsbygging. Borgarkulturen blei oppfatta som oppstylda og utilnærmeleg, populærkulturen som ”fælsleg” og moralsk nedbrytande (same stad:16f). Ein måtte halde fast i og skape respekt for den bondekulturen som landsungdommen bar med seg. Etableringa av Bondeungdomslaget i Oslo speglar desse erfaringane og synspunkta. I følgje 90-årssoga skulle BUL gi den tilflyttande bondeungdommen ein sosial samlingsstad kor dei kunne oppleve samhald og føle seg aksepterte. Arbeidet for at landsungdommen skulle kunne kjenne seg stolte over sin eigen kultur, hadde også eit vidare siktemål. Bondekulturen sin status i det norske samfunnet generelt skulle styrkast. Målsetjinga var altså retta både innover mot medlemmene og utover mot samfunnet.

Etableringa av Bondeungdomslaget skjedde i eit tiår kor etableringa av ungdomslag var nærmast eksplosiv. Da Noregs Ungdomslag blei stifta i 1893, var det som ein samskipnad for 192 enkeltlag og 9 fylkeslag (Klippenberg 1995:15). Desse tala voks mykje i løpet av få år. Ungdomslaga vart omtala som frilyndte. Kva som eigentleg låg i omgrepet ’frilyndt’ da det blei tatt i bruk for over hundre år sidan, kan sikkert diskuterast i det vide og det breie. Det skal vi ikkje gjere her. Men det kan vere greitt å nemne nokre stikkord for

korleis omgrepet har blitt forstått, slik at vi kan danne oss eit bilete av kva slags ideologisk tradisjon Bondeungdomslaget i Oslo er blitt til innanfor.

Den frilyndte ungdomslagsrørsla forbindast gjerne med orda folkeopplysning og norsksdom. Omgrepet folkeopplysning fortel oss at ungdomslaga har hatt ein slags utdanningsfunksjon.¹ Mangeårig skrivar i Noregs Ungdomslag, Kristoffer Sælid², gir til dømes følgjande karakteristikk av 'frilyndte ungdomslag': "De som er med i bevegelsen skal møte spørsmålene, få hjelp til å se dem fra alle sider og selv vokse seg til et klarere og rikere syn. Fra første stund har bevegelsen sterk uvilje mot all autoritetsbinding og ufritt åndsliv, og fordi den er runnen ut av sterk tro på opplysning, er den gjennomsyret av sterk tillit til at ungdommen makter å bygge opp sitt eget personlige åndsliv når det får næring fra en rik kameratskap" (sitert i Klippenberg 1995:21). Målet om å vere frilyndt handlar altså om eit frigjeringsprosjekt. Gjennom å få tilgang til kunnskap skal enkeltmennesket gjerast i stand til å forstå meir av verda og ta eigne standpunkt. På liknande vis skal forfattern Edvard Hoem i ein tale til landsstemne i Noregs Ungdomslag i Molde i 1980 ha framheva at det frilyndte handlar om positiv sjølvutvikling: "Å vere frilyndt vil seie at du trur mennesket ikkje berre er kva det er fødd til å vere, men kva det veks seg til å bli" (Kløvstad 1995). Gjennom å leggje til rette for kunnskapstilegning, refleksjon og diskusjon har ungdomslagsrørsla hatt eit mål om å vere ein stad som gjer enkeltmennesket i stand til å utvikle seg og realisere sitt potensial. Vekta på menneskeleg utvikling er ikkje berre tenkt som ein sjølvstendig verdi for enkeltmenneska, men handlar om å forme menneske som kan bidra positivt til samfunnsutviklinga.

Norsksdom har, som ordet gir ein peikepinn om, handla om å arbeide for å byggje opp, styrke og formidle norsk språk og kultur. Innanfor dei frilyndte ungdomslaga har norsk språk og kultur blitt definert som nynorsk og norsk folke- og bondekultur. Målsaka har såleis stått heilt sentralt for ungdomslagsrørsla heilt frå starten av. Og målsak og folkeopplysning har vore nært knytt saman. Ole Vig, som på midten av 1800-talet var ein sentral skikkelse i folkeopplysningsrørsla som seinare utvikla seg i ungdomslagsrørsla, skreiv: "Hvad der hos oss legger svære hindringer i veien for folkeopplysning, især den boglige, er vore sprogforhold. Bogsproget er nu engang dansk, og ægte norsk lever kun på almuenes læber, så ethvert almuesbarn må, ved at tage bogen fat, i grunden lære et nyt sprog" (sitert i Klippenberg 1995:31). Poenget var altså ganske enkelt at for at folk skulle vere mottakelege for opplysning, måtte opplysninga skje på eit språk dei forsto. Denne samanføyinga av folkeopplysning og norsksdom var også knytt til grundtvigianismen som ideologi. Grundtvig var ikkje berre talsmann for menneskeleg utvikling i tråd med ein lys og glad kristendom (jf. hans kjende uttrykk "Menneske først – og Kristen saa"), men også

¹ Klippenberg 1995:15 skriv for eksempel at: "Spurde ein for hundre år sidan om opphavet til alle desse ungdomslaga, fekk ein gjerne til svar at fram voks dei av ein indre trong hos ungdomen. Allmugeskolen dekte ikkje dei kunnskapsbehova som ungdomen etter kvart fekk, og det fanst dessutan få meningsfylte fritidstilbod for landsungdomen. Ungdomen tok då saka i eigne hender, og resultatet blei den frilyndte ungdomsrørsla."

² Kristoffer Sælid var skrivar i Noregs Ungdomslag frå 1936-1947, med eit opphald i verksemda i åra mellom 1942 og 1945. I 1987 blei skrivartittelen endra til dagleg leiar (jf. <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10200,10240>).

for fedrelandskjærleik. For å kunne skape bevisste og samfunnsnyttige borgarar meinte Grundtvig at nasjonalkjensla og kjærleiken til fedrelandet var avgjerande (Klippenberg 1995:25).

I nasjonal historisk samanheng er det vanskeleg å overvurdere verdien av den rørsle Bondeungdomslaget i Oslo har arbeidd innanfor. Utover at ungdomslagsrørsle utan tvil har betydd mykje for enkeltmenneske, var dei store folkerørslene som vi her snakkar om, i følgje statsvitaren Stein Rokkan, heilt avgjerande for utviklinga av den norske politiske modellen (Rokkan 1987). Når Rokkan skriv om ”motstand mot sentral autoritet” som eit grunntema i norsk politikk, speglar det folkeopplysningstanken som den frilyndte ungdomslagsrørsle er tufta på. Historia til Bondeungdomslaget i Oslo er såleis ei historie det er grunn til å vere stolt av.

No har det gått over 100 år sidan Bondeungdomslaget i Oslo blei stifta. Vi lever i ei heilt anna tid enn kva dei gjorde den gongen. Utfordringane BUL står overfor i dag må forståast ut frå dei store samfunnsendingane som har funne stad i løpet av denne tida. Hevinga av den materielle levestandarden er openbar. Og sentrale historieskrivarar og teoretikarar meiner at dette på kulturelt nivå har ført til auka individualisering. Lat oss derfor sjå litt nærare på korleis dei store samfunnsendingane har slått ned i det frivillige organisasjonslivet.

1.3 Frivillig sektor i endring

Om vi vender oss mot forskingslitteraturen om frivillig sektor, ser vi at dei utfordringane BUL no ønskjer å ta tak i, ikkje er ukjende. Bondeungdomslaget i Oslo er ikkje åleine om å oppleve nedgang i medlemstalet og aldring av medlemsmassen. Også organisasjonsmodellane som karakteriserer dei organisasjonane som i dag ser ut til å ha mest vind i segla, er andre enn den BUL har bygd opp si verksemd rundt.

Fallande medlemstal og stigande snittalder er ei utvikling som generelt har ramma frivillige organisasjonar som er knytt til folkerørslene frå 1800-talet. Ein studie som skildrar endringar i frivillig sektor frå 1800-talet og fram til i dag, viser at organisasjonar av den typen Bondeungdomslaget i Oslo representerer, har opplevd dramatisk nedgang (Wollebæk og Selle 2002). Generelt har verdiorienterte organisasjonar med breie målsetjingar tapt terreng. Derimot har organisasjonar som tilbyr fritidsaktivitetar som ikkje er knytt til breiare ideologiar, vunne fram.

I følgje Wollebæk og Selle (2002) er det i 1960-åra dei verkeleg store endringane begynner å skje. Det er såleis heilt i tråd med den generelle utviklinga når medlemstalet i BUL for alvor fell i 1960-åra. Forskarane omtaler dette tiåret som ”det store vasskiljet”:

Etter 1960-åra kan vi snakke om ein aukande tendens til spesialisering og eigenorganisering, der viljen til å aktivisere seg for føremål som ikkje var direkte

relaterte til egne interesser, eller til å innrette seg større, ideologiske prosjekt, er svekt (same stad:69).

Hovudtrends er i følgje sentrale forskarar på feltet altså ei dreining bort frå det politiske, samfunnsretta og kollektive og over mot det upolitiske og individuelle (Wollebæk og Selle 2002).

Organisasjonar som er demokratisk oppbygde og medlemsbaserte, har lenge vore kjernen i frivillig sektor i Noreg. Den gjennomgåande modellen har vore medlemsbaserte lokallag med demokratisk struktur internt som hierarkisk er knytt til eit nasjonalt nivå/samanslutning (same stad:180). BUL er ein typisk representant for dette særdraget. BUL har ein organisasjonsstruktur som skal sørge for demokratiske prosessar internt, samtidig er BUL knytt til nasjonale samanslutningar (Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag). Og som vi har peikt på, har denne modellen vore viktig i framveksten av demokratiet og i nasjonsbygginga i Noreg. Trass i den suksessrike historia til organisasjonar med denne strukturen, møter dei altså motbør i dag.

Dei frivillige organisasjonane som i følgje forskarar lukkast best med å rekruttere til fritidstilboda sine i vår tid, står i høgare grad fram som serviceinstansar som legg til rette for medlemmenes fritidsaktivitetar. Samtidig som fritidsaktivitetane i stadig lågare grad har blitt knytt til breie ideologiske mål, har det vore ein tendens til at organisasjonane har profesjonalisert seg. Dette inneber at medlemmene har blitt mindre forplikta til å delta i interne prosessar som ikkje er direkte knytt til aktivitetane dei primært er interesserte i (Wollebæk og Selle 2002).

Endringane som har skjedd innanfor frivillig sektor, er så store at dei i følgje forskarar djupast sett rører ved sjølve eigenarten til frivillig sektor.

Ved årtusenskiftet er endringane [i frivillig sektor] så omfattande og djuptgripande at vi no talar om eit kvalitativt nytt organisasjonssamfunn. Det er tydeleggjort gjennom eit sterkt press på det som har vore det typiske ved norsk frivilligdom, det organisasjonssamfunnet som har det medlemsbaserte og demokratisk bygde lokallaget som kjerne (Selle 2002:179).

Presset på ”det som har vore det typiske ved norsk frivilligdom” er altså det BUL no konkret opplever.

1.4 Metodane og materialet

Materialet som er brukt i denne rapporten, er samla inn på fleire måtar. Eg har deltatt på fleire møter i regi av Bondeungdomslaget: eit styremøte, eit rådsmøte og eit lagsmøte (kick-off-møtet for organisasjonsutviklingsprosessen). Her har eg vore observatør og notert undervegs. Eg har samla inn fleire typar dokument: årsmeldingar, BUL-stikka, vedtektene

og styringsføresegnene, årsmøtepapir m.m. Den viktigaste delen av datamaterialet er likevel ei rekkje fokusgruppeintervju som eg har gjort med medlemmer i BUL. Fokusgruppeintervjua gav meg også høve til å observere aktivitetane og samveret.

I løpet av ei oktoberveke (23.-26. oktober 2006) møtte eg åtte fokusgrupper med til saman 31 medlemmer. Intervjua har hatt ein forholdsvis fri struktur, men tatt utgangspunkt i ei liste med spørsmål som har vore lik for alle.³ Alle intervjua blei tatt opp på band og er transkribert i ettertid. I rapporten siterer eg frå desse intervjua. Sitata er anonyme. Alle sitat står på nynorsk. I ein del tilfelle er det noko kunstig i forhold til det munnlege utgangspunktet.

Fokusgruppeintervju sorterar innanfor dei såkalla kvalitative metodane i samfunnsforskinga. Valet av fokusgrupper som metode for å skaffe kunnskap om medlemmene sine erfaringar og synspunkt hadde fleire grunnar. For det første var det viktig å velje ein metode som gav svar på kva som motiverar og demotiverar medlemmene til å delta i Bondeungdomslagets aktivitetar. Motivasjonsfaktorar og frustrasjonsmoment er ein type spørsmål som det kan vere godt å møtast og prate om for å få tak i. Å snakke saman i grupper er ein god måte å få tilgang til diskusjonar som medlemmene elles har seg i mellom, men som kanskje ikkje kjem til uttrykk på dei ”offisielle” arenaene, for eksempel på årsmøta.

For det andre er fokusgrupper ein kostnadseffektiv framgangsmåte for å få fram synspunkta til så mange som muleg.

I metodelitteraturen er det enkelte som hevdar at bruken av fokusgruppeintervju kan innebere at atypiske oppfatningar ikkje kjem til uttrykk (Halkier 2003). At intervjua går føre seg i grupper, kan bety at det oppstår ei form for sosial kontroll som gjer det vanskeleg for deltakarane å kome fram med erfaringar og oppfatningar som avvik frå dei ”normale” og ”aksepterte”. Slik kan gruppesituasjonen føre til konformitet. Etter mitt syn er ikkje dette eit problem som rammar materialet i denne rapporten i særleg grad. For det har ikkje vore slik at deltakarane i gruppene har vore einige om alt. Ofte har det oppstått interessante, engasjerte og frimodige diskusjonar. Dessutan har synspunkta variert ein del mellom ulike fokusgrupper.

Målet med fokusgruppene har ikkje vore at medlemmene skal diskutere for å bli einige om bestemte synspunkt eller løysingar. Det har snarare vore eit mål at ulike synspunkt, erfaringar og interesser blant medlemmene skal få kome til uttrykk. Konflikta og spenningar som pregar organisasjonen, er viktige å få fram, sjølvstundt ikkje for å dyrke dei, men for å teikne eit kart som gir mest muleg informasjon om kva medlemmene tenkjer om ulike sider ved Bondeungdomslaget. På grunnlag av dette kartet må Bondeungdomslaget ta stilling til kva for kurs som er den beste i tida framover.

³ Intervjuguiden er tatt med som vedlegg til denne rapporten.

I denne samanhengen trur eg fokusgruppene også kan ha ein eigenverdi utover å skaffe nyttig informasjon til denne rapporten. Etersom dei som har deltatt i fokusgruppene, har blitt utfordra til å sette ord på sine tankar og erfaringar med laget, har fokusgruppene truleg vore bevisstgjeringar for medlemmene som har deltatt. Erfaringane medlemmene har frå å delta i fokusgruppene kan vere ein ressurs for den vidare organisasjonsutviklinga. Synspunkt som kanskje ikkje kjem til uttrykk i samband med dei ulike aktivitetane i laget, kan ha kome til uttrykk i møte med andre medlemmer og meg. Ein deltakar i eit av fokusgruppeintervjua sette ord på dette:

Det er interessant å diskutere på den måten her sånn, fordi eg trur ikkje, i alle fall ikkje eg da, har noko bevisst forhold til dette her. Men når ein diskuterer det, så veit ein at det ligg eit eller anna sånn i botnen som du kanskje er opptatt av likevel. Sjølv om du ikkje er bevisst på det i det daglige, og det kanskje ikkje er derfor du er medlem ein gong.

Eit problem med fokusgruppene er det likevel at medlemmer som ikkje er knytt til særslag, er dårlig representert i materialet. Det blei arrangert eit fokusgruppeintervju for dei beinveges medlemmene, men berre eit medlem møtte fram. Blant dei medlemmene som ikkje er medlem i særslag, er det i følge lagskontoret truleg mange som er medlemmer på grunn av målsaka. Når vi seinare skal sjå på kva medlemmene tenkjer om språkpolitikken til laget, er det altså grunn til å tru at ein del synspunkt som støttar opp om målsaka, er underrepresentert. I det heile tatt ber analysen preg av at det er særlagsmedlemmene som har blitt intervjuet. Det bør lesaren ha i bakhovudet under lesinga.

Eg har ikkje påverka kven som blei valt til å vere med på fokusgruppeintervjua i særslaga. Det er det særslaga sjølv som har ordna med. Ein kunne sjå det som ei kjelde til et skeivt materiale. Eg ser ikkje det som eit veldig stort problem. I dei fleste fokusgruppene har det vore spennstige diskusjonar med til dels store meningsmotsetnader.

2 GLEDA OVER AKTIVITETANE OG MILJØET

Det er tysdag ettermiddag og full aktivitet i Rosenkrantz gt. 8. I lagssalen er Barnelaget i gang med innøving av songdansar. Ungane smiler og ler. Foreldre sit langs veggene og ser på, trampar takten, nynnar med eller nyttar høve til ein liten ettermiddagskvil. Oppe i teatersalen er dei eldste jentene i Barnelaget samla og ventar på at alle som skal vere med i Leikarringen si oppsetting av Tornerose skal kome. Dei et litt. Pratar saman. Fniser. Gler seg til å kome i gang, for dei syns det er så kjekt med denne oppsettinga. Ein etter ein kjem alle som skal vere med på øvinga. Dei er glade for å møtast og klemmer kvarandre. Praten går muntert. Latteren er smittande. Oppe ved scena førebur to musikarar seg med fele og flygel. Ei dame syr kostymer bak i lokalet. Danseskoa kjem på, og dansarane varmar opp med ein reinlender.

Torsdag kveld. Majorstua skole. Ute i gangen er ei gruppe ungdommar på veg inn for ein dusj etter ein utandørs løpetur. Dei er raude i kinna og smilar breitt. Inne i ein overfylt og sliten gymsal har LilleBUL si faste treningsøkt. Salen er full av liv, latter og lukt. Det går mot slutten av treninga og ungene spring hinderløype med stasjonar på tjukkass, i ribbevegg, over bukkar og gymmattar. Dei er ivrige og fulle av energi. Dei vil så gjerne rekke hinderløypa ein gong til..., og ein gong til..., og ein gong til..., før dei må gi seg for kvelden. Trenarane oppmuntrar. Foreldre og småsøsken ser på.

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på kva som motiverer medlemmene til å delta i BUL sine aktivitetar. Mitt møte med BUL har i høg grad vore eit møte med glede og entusiasme over morosame aktivitetar og godt miljø. Gleda over aktivitetane og miljøet har vore lett å observere. Og det er gjennomgåande i alle fokusgruppene at medlemmene seier at det beste med å vere med i BUL, er knytt til aktivitetane og miljøet. Det er her motivasjonen ligg. Dette kan kanskje virke banalt. Men eg trur at viss vi kan vere einige om at framtida til BUL avhenger av at ein tar utgangspunkt i dei gode kjenslene og dei positive erfaringane medlemmene har med laget, er ikkje dette lengre ei banal stadfesting, men noko vi i byrjinga skal ta oss tid til å lytte til.

2.1 Dei gode opplevingane

Mange snakkar om aktiviteten dei deltar på i særлага, som morosam. Dei fortel at dei er medlemmer i BUL, fordi det er gøy å spele teater, danse folkedans, drive med idrett eller syngje i kor. Jentene i Barnelaget snakkar for eksempel mykje om kor morosamt det er å danse. Ei av dei seier:

Eg er veldig glad i å danse da. Eg syns det er veldig morosamt.

Ei anna fortel at det å danse er så gøy at ho ville tvihalde på Barnelaget om ho måtte slutte med ein av fritidsaktivitetane sine:

Det er gøy. Viss eg måtte slutte med noko som eg gjer på fritida, så vil eg absolutt danse, for det er det morosamaste eg gjer. Eg syns det er kjempemorosamt.

Medlemmene i andre særslag snakkar på liknande vis om sine aktivitetar. Her er eit par døme frå Leikarringen:

Det beste, syns eg, er den tida vi dansar. Det er det morosamaste, syns eg.

Det beste, syns eg er dei gode danseopplevingane (...). Og så syns eg det er veldig kjekt å ha den kontinuerlege kvar veke, å vite at da treff eg folk som eg har det kjekt med og gjer noko som er gøy. Det er faktisk den einaste dagen i veka som eg liksom har satt av heile ettermiddagen og kvelden til ein aktivitet. Dei andre kveldane så er det ofte at det kjem fleire ting oppå kvarandre, men tysdagen er litt sånn heilag. Det trur eg er det beste.

”Dei gode danseopplevingane” er så viktige for den siste informanten at ho vernar om dei som om dei var heilage. Denne måten å snakke på gir ein peikepinn om at aktiviteten gir erfaringar som har ein eller annen fundamental verdi for henne. Kanskje er dei av sanseleg eller kroppsleg karakter? Eller kanskje er det snakk om heilskapsopplevingar kor skiljet mellom kropp og sjel er oppheva?

Også medlemmer i andre særslag snakkar om aktiviteten deira som kjelde til gode og givande opplevingar. Nokre av medlemmene i Songlaget seier for eksempel:

Eg syns det er veldig flott å få møte musikken sånn ein gong i veka. Det betyr mykje for meg.

Eg elsker å syngje!

(...) det gir veldig mykje å kome på øvinga ein torsdag og om du er stressa eller sliten og lei, så renn det liksom av når ein er sånne stader. Det er mange ting som speler inn.

Og så syns eg det er deilig å kome ein kveld i veka å berre syngje ut. Og gape og ikkje, eller litt sånn (viser med hendene) leggje vekk alt anna og berre konsentrere seg om det. Og i løpet av songøvinga så blir det litt komiske situasjonar; du får le litt, og du får skjerpa deg, og du får kople heilt av det derre med jobb og dei tinga som ein liksom står på med. Så det er ein sånn kjempegod stad å få hente krefter,

eller kopla av å hente ny energi. Eg er alltid sånn "Åh!", når eg går ut frå øvinga. Eg syns alltid at du går litt opp. Energi!

I dei to siste sitatet ser vi at informantane opplever at songen i koret er ein aktivitet kor dei kan leggje vekk alt anna og kopla av. Det er ein stad som står i kontrast til dei tinga i livet som sliter og tar krefter. Det er ein stad å hente ny energi.

Leiken og det å ha det gøy er noko som i aukande grad har vore gjenstand for akademisk interesse. Fleire har peikt på at det som skjer i leiken, og når vi har det gøy, er av fundamental karakter, eller meir kanskje presist; leiken og moroa er ein type totalopplevingar kor vi reetablerer ein grunntilstand i oss sjølve (Bjørkvold 1989). Christopher Lasch var til dømes opptatt av at leiken eller spelet er ein måte å frigjere seg frå det som tyngjer i dagliglivet. Han skreiv at spela slik vi kjenner dei frå sportslege samanhengar gir "bevisstheten en ny konsentrasjonsstyrke. (...) De gjenskaper den frihet og fullstendighet man husker fra barndommen" (sitert i Henningsen 2001: 51). Leiken og moroa er ikkje berre overflatisk tidtrøyte, men handlar om å vere til stades i livet sitt og i eit sosialt fellesskap på ein måte som gir identitet. For sjølv om utsegnene om "å ha det gøy", kanskje kan virke noko egosentriske, er dei nært knytt til kjensla av å vere del av eit godt miljø og eit godt fellesskap.

2.2 Å få vere seg sjølv saman med andre

I alle fokusgruppene var informantane opptatte av at miljøet i det særlaget dei er med i, er avgjerande for at dei ønskjer å vere medlem. Noko av det beste med BUL, seier mange, er det gode miljøet. I det følgjande utsnittet frå samtalen med jentene i Barnelaget fortel dei om korleis dei opplever at dei møter venlege og snille menneske i heile folkedansmiljøet:

Masse hyggelege menneske! Og når vi dreg på turar, så er liksom alle så hyggelege og... Dei eldste dreg på noko som heiter URA-samlingar som er fire gonger i året med folk frå heile Østlandet. Og da er alle liksom hyggelege, og man kan snakke med alle og...

...sjølv om du ikkje kjenner dei, så kjem dei liksom bort til deg og snakkar med deg.

Så dei fleste som er i miljøet, er jo veldig snille da.

Det er liksom ikkje nokon som dansar som ikkje er hyggelege.

Eg har ikkje møtt på nokon.

Det er liksom eit snilt miljø.

Også i Spellaget er dei opptatt av at miljøet er svært godt. Spellaget er ei meir eller mindre fast gruppe på vel ti personar som har det morosamt saman. Ein av informantane seier ironisk at det verste med å vere med i BUL:

(...) er at du aldri kan gjere noko anna på måndagar. (ler)

Kort tid etter snur ho på det og seier at:

Det er ein fin ting egentlig.

Eit av dei andre medlemmene fortel at han starta i Spellaget på grunn av aktiviteten, men at miljøet etter kvart har blitt like viktig for han:

Eg begynte her for å spele teater primært, men no er jo gruppa så bra at det er jo mykje sosialt òg. Det er hyggeleg å kome hit kvar måndag. Så ofte så er eg her sjølv om eg egentlig ikkje treng å gå på øving – for å treffe folk.

Ein av medlemmene i Songlaget fortel at han sett pris på å få syngje saman med andre. Det å syngje er ikkje noko alle syns er så lett å gjere åleine, men saman med dei andre i koret gir det gode kjensler å syngje:

Det har vært mykje moro i løpet av dei åra. Og så er det sjølv sagt dette med å vere med i eit kor, det å vere i eit fellesskap å ha nokre felles målsetjingar, nokre konsertar eller korturar eller kva det er for noko, å bidra med noko som ein i mengda og ikkje vere, heldt eg på å seie, i ein førsteposisjon eller berre det å vere med i ein, saman med andre på like vilkår og bidra og det å syngje og. Eg syng jo aldri elles.

I fokusgruppeintervjuet med medlemmer frå Idrottslaget la dei som var med, vekt på at BUL har eit særleg godt miljø samanlikna med andre klubbar dei kjenner til. Dei gjentok fleire gonger at dei har ei sterk klubbkjensle, og at det betyr mykje i høve til å fortsette å vere medlem. Ikkje minst handlar dette om ei inkluderande haldning. Dette kjem klart fram i eit utsnitt frå samtalen i fokusgruppa:

Det er eit miljø der alle er velkomne, og ikkje noko sånn derre spesialiserings...

Det er veldig inkluderande. Det plukkar jo opp alle folk uansett!

BUL er Noregs klart beste ungdomsklubb!

I følgje informantane er Idrottslaget i BUL altså ein stad som er open for mange forskjellige folk. Og blant ungdommar som driv med friidrett i Noreg, meiner dei at det beste miljøet er å finne i BUL.

Også medlemmer av Leikarringen legg vekt på at ei open og inkluderande haldning er avgjerande for at dei trivast. Ei av dei seier det slik:

(...) miljøet er så opent for at ein er litt, eller veldig seg sjølv. Ein treng ikkje å gjere seg til på nokon måte, og det er plass for at ein har både dei som allereie er besteforeldre, og dei som nettopp har begynt på studiane sine i same gruppe. Og det syns eg eigentleg er ganske fint, og ein møtar folk frå heile landet, og det er ikkje noko sånn press på å vere nokon annan enn den ein eigentleg er. Og det syns eg er det mest positive da.

Det er altså mange som peikar på at BUL er ein stad kor dei føler seg heime, og kor dei kan vere seg sjølve. Mange opplever at særlega dei er medlem av i BUL, er romslege. Det er plass for å vere forskjellig. Dette er erfaringar som opplagt må vere ein ressurs i organisasjonsutviklingsprosessen som laget no er inne i.

Ein skal sjølvstund ikkje vere framand for at BUL også kan vere ein stad kor nokon kan oppleve at dei ikkje får lov å vere seg sjølv. Sterke fellesskap og gode miljø vil nok alltid ha ei slagside som gjer at somme ikkje føler seg heime i det heile tatt. Det er ikkje ein diskusjon vi skal ta her, men sikkert noko det er verdt å tenkje på for kvart enkelt særslag. Denne undersøkinga har berre snakka med aktive medlemmer. Fråfalne kan kanskje ha andre erfaringar. I denne samanhengen skal vi, som sagt, likevel ta med oss at det gode miljøet medlemmene opplever, er noko av den viktigaste motivasjonen for mange til å vere medlem i laget.

Som vi såg i det første kapitlet, viser forskning på feltet at motivasjonen for å vere medlem i frivillige organisasjonar dei siste tiåra meir og meir er dreidd bort frå engasjement for breie ideologiske målsetjingar knytt til dei store folkerørslene som BUL er eit barn av. Det som no motiverer folk til å engasjere seg i frivillige organisasjonar, er tilgangen til fritidsaktivitetar.⁴ Fokusgruppeintervjua i BUL-samheng fell godt på plass i dette biletet. Det er moroa og miljøet rundt sjølve aktivitetane som motiverar medlemmene. Det er likevel viktig å påpeike at ein viktig føresetnad for dei gode erfaringane medlemmene fortel om i sine særslag, er at aktiviteten går føre seg i eit fellesskap. Dei gode kjenslene har eit kollektivt aspekt. Når forskarane har vore opptatt av at motiva for å engasjere seg i frivillige organisasjonar, har dreidd frå det kollektive og mot det individuelle, har dei nok

⁴ Det bør nemnast at ei rekkje yngre organisasjonar med samfunnspolitiske mål har hatt stor gjennomslagskraft i løpet av dei siste par tiåra. Desse har gjerne ein annan struktur enn den tradisjonelle. Det er for det meste snakk om organisasjonar med få medlemmer, og med ein profesjonell administrasjon som arbeider i høve til eit avgrensa samfunnsspørsmål. Eit typisk døme på ein slik organisasjon er Bellona. Dei arbeider for miljøsaker, men er ikkje ein typisk medlemsorganisasjon bygd opp kring eit internt demokrati.

definert det kollektive på ein annan måte. Det kollektive har snarare handla om eit engasjement som går utover mot samfunnet. Som vi såg, blei BUL etablert med ein slik kollektiv orientering mot samfunnet. Kva tenkjer dagens medlemmer om denne ideologien? Det er tema for det neste kapitlet.

3 ”VI ER IKKJE AKKURAT BØNDER VI DA!”

Laget vil samla norsklyndt ungdom til samvære og samarbeid på heimleg grunn og gjeva landsungdom i hovudstaden vern og hjelp. Laget vil auka vyrnaden for bonden og bondeyrket og arbeida for atterreising av det norske folkemålet, for edruskap og for nasjonalt sjølvstende i alle leier (§1 Lagsføremålet, Lov for Bondeungdomslaget i Oslo).

I den tradisjonelle organisasjonsteorien er det vanleg å sjå på organisasjonar som verkemiddel som er skapt for å oppnå bestemte mål (Jacobsen og Thorsvik 1999). Det er mange mål vi ikkje kan realisere åleine, som enkeltmenneske. Såleis kan vi forstå organisasjonar som kollektive reiskapar som gjer oss i stand til å oppnå mål vi ikkje kunne gjort så mykje med på eiga hand. Sitatet som opnar dette kapitlet, fortel kva som i følge lovverket er målet BUL skal realisere. Sjølv om det i faglitteraturen etter kvart fins mange andre måtar å forstå organisasjonar på, peikar poenget om forholdet mellom mål og middel på noko som er viktig i vår samanheng: Om BUL skal klare å vitalisere seg i tida framover, må målet organisasjonen skal arbeide for, gi mening for medlemmene. Arbeidshypotesen er såleis at auka kunnskap om medlemmene sine synspunkt på det ideologiske fundamentet, kan styrkje sjansane for å finne gode løysingar på utfordringane BUL står overfor. I dette kapitlet skal vi derfor sjå nærare på kva medlemmene tenkjer om målet, verdiane og ideologien til BUL.

3.1 På tide med ein ”make-over”

Som eit utgangspunkt for å diskutere ideologien til BUL, blei lagsføremålet lest opp høgt i alle fokusgruppeintervjua. Mens innhaldet i lagsføremålet var kjend stoff for nokon, var det andre som blei overraska under opplesinga. Trass i ulike meiningar om innhaldet i føremålet, hadde alle ei klar oppfatning om at det er formulert på ein måte som ikkje gir gjenklang i vår tid. Eit medlem seier til dømes at grunnføremålet er

forelda og viss du skulle tatt det på alvor, så hadde du jo ikkje vore medlem.

Ein annan reagerer nærmast med vantru etter å ha høyrte lagsføremålet opplest:

Det verker jo ikkje som dette lagsføremålet er spesielt sentralt i Spellaget. Er det det? Eg har i alle fall, det er første gongen eg ser dette. Og for meg så, ein tar jo ikkje dette med, altså ein let jo ikkje som, ein tar jo ikkje dette her for noko meir enn det det er. På meg så verker dette som eit eldgammalt mål som har vært sidan førre hundreår, ikkje sant, nærmast. Så ein bør i alle fall ikkje, ein treng kanskje ikkje å leggje så mykje vekt på det? Sjølv om det er et morosamt formål.

Fleire meiner at eit av problema er at føremålet får ei anna tyding i dag, enn kva det hadde då det blei formulert. Samfunnet er så endra at det som gav meining den gongen, langt på veg er meiningslaust i dag:

Det er på ein måte, viss du tar noko som er sagt for 100 år sidan, og så set du det inn i 2006, så får det ei anna meining enn det hadde i 1900, fordi at det var eit heilt anna samfunn. Det er liksom ikkje sånn som, er du bondeungdom i byen, det er kanskje nokon som har bakgrunn frå gard eller noko sånn, som på ein måte reknar seg som bondeungdom, men det er heller ikkje så mange bønder igjen. (ler) Altså kor opptatt er ein av bondeyrket? Det er så mange andre viktige spørsmål i samfunnet vårt. Atterreising av det norske folkemålet. Der er det jo sånn at det er jo på ein måte nynorsken som skal vere uttrykk for det norske folkemålet, men det er jo atterreist, ikkje sant? Det er jo bygd opp til eit fullt brukande språk. Men det er utfordra da av den store majoriteten. Så det er på ein måte det som er problemstillinga der da. Edruskap det trur eg det er knapt nokon her som bryr seg noko om. Bortsett frå at vi kanskje kan vere alkoholfrie når vi har arrangement da.

Ein annan meiner at ideologien som BUL er tufta på, har såpass liten tilslutning i dag, at det er umuleg å byggje ein organisasjon på den:

Og så er det klart at, altså, eg trur nok at vi slit med at den ideologiske grunngevinga for BUL er blitt veldig svak etter kvart altså. Altså den ideologien, grundtvigianismen som den eigentlig spring ut av på mange vis, i alle fall deler av han, er vel ikkje nokon stor greie lenger. Venstre er så stort (viser noe veldig lite med hendene), ikkje sant. Og dette laget spring ut av Venstre i si tid (humrar), ikkje sant. Og det ser vi på veljaroppslutninga at veldig mykje av den ideologien, eller i alle fall der kor denne ideologien kjem frå, er svunne hen i samfunnet elles også. Og det er klart at det gjør at liksom kva er raison d'être for hovudlaget?

Ein av medlemmene i Spellaget seier såleis:

(...) men altså heile føremålet bør kanskje få ein liten make-over.

Det er altså stor semje om at grunnføremålet til BUL bør reviderast. Derfor skal vi no sjå litt nærare på kva for erfaringar medlemmene har med lagsføremålet. Dette kan i neste runde vere til hjelp i formuleringa av eit nytt føremål for laget.

3.2 Innviingsritualet og truvedkjenninga

Sjølv om lagsføremålet kan vere meir eller mindre kjend for medlemmene, har alle i det minste møtt det ved eit punkt i medlemstida, og det er når dei melde seg inn. Innmeldingsprosedyren er fastsett i loven og styringsføresegnene for BUL og blir gjort greie for i innmeldingsbrosjyren. Her står lagsføremålet oppført. Dernest presiserer

brosjyren kva for krav som stillast til dei som ønskjer å bli medlemmer i BUL. Her står det at "[d]en som vil fremja føremålet med laget kan verta medlem (...)". Vidare visast det til kva for retter og plikter som følgjer av medlemskapen. I neste tur er det i følgje styringsføresegnene styret som "avgjer om innmeldinga skal godkjennast".

Nokre av medlemmene fortel at dei opplevde innmeldingsprosedyren som både høgtidsstemt og fryktingytande. Ein samtale mellom to av medlemmene i ei av fokusgruppene i Spellaget illustrerer det:

Når eg las medlemspapira, så verka det som det var veldig stort da med ganske sånn langt og omfattande innmeldingsskjema. (...) Det såg litt skummelt ut fordi eg... Ja, og da var det at det såg litt viktig ut liksom å melde seg inn. Eg veit ikkje eg, men det blir liksom litt meir høgtidelig da.

Tørr eg skrive under på dette?

Ja, det var litt sånn "Oj!"

For ein del verker innmeldinga altså som ei "viktig" og "høgtideleg" handling som krev mot. Spørsmålet om å skrive under på innmeldingsskjemaet, blir eit spørsmål om å tørre å stille seg bak lagsføremålet til BUL. Det ser altså ut til at mange opplever at det å melde seg inn i BUL krev respekt for og tilslutning til særskilde verdiar. Desse oppfatningane av innmeldingsprosedyren i BUL gir assosiasjonar til dåpsritualet slik vi kjenner det frå Den norske kyrkja. I liturgien kor dåpsbarna blir tatt inn i kyrkjelyden, er truedkjeninga eit sentralt punkt. Truedkjeninga spesifiserer kva som er grunnlaget for å bli medlem av kyrkjelyden. På liknande vis spesifiserar innmeldingsbrosjyren, ved å gjengi lagsføremålet, kva som er grunnlaget for å bli medlem i BUL. Innmeldingsprosedyren i BUL har preg av å vere eit innviingsrituale kor ein må slutte seg til dei same verdiane som resten av lagsflokket for å bli medlem. Sjølv om ein slik parallell kanskje verker noko dramatisk, visar den at det å melde seg inn i BUL er ei handling som kan vekke ei viss æresfrykt. Å bli BUL-medlem er det same som å stå fram som eit menneske med særskilde verdiar. Derfor er det ikkje overraskande at mange fortel at dei tenkjer at det eksisterar eit bilete på kva som kjenneteiknar personar som er medlemmer i BUL. Eit medlem seier det slik:

Det er kanskje lett å tru at du må vere ein spesiell type for å bli medlem. Det ville i alle fall eg tenkt før eg blei kjent med folk som var her da. For eg hadde høyrte om BUL tidligare også, men eg ville liksom ikkje delta fordi det var på ein måte ikkje heilt det eg sto for den gongen.

På same måte som det kan eksistere bilete på korleis dei truande i kristne kyrkjelydar er, eksisterer det også bilete av korleis medlemmer av BUL er. Det er mange medlemmer som

ikkje kjenner seg heime i desse bileta. Jentene i Barnelaget uttrykker dette på ein veldig talande måte:

Men det er på ein måte litt sånn rart da, fordi vi føler jo oss ikkje som nokre sånne gamle, gamaldagse sånne gamliser sånn, som elsker å være gamle og (..) gå rundt i gamle klede. Så det er litt sånn, vi er jo glad i å gjere det litt sånn kult vi og da. (...)

Med ein gong folk høyrer Bondeungdomslaget sant, så tenkjer dei jo på at vi går rundt og snakkar nynorsk og går i bunadar og heile pakka, men det er jo ikkje sånn.

Det er jo så klart nokre da som absolutt går i bunad og høyrer berre på folkemusikk og kanskje er litt sånn da, men vi er liksom normale ungdommar likevel, sjølv om vi er her.

Jentene peikar på at berre namnet på laget gir assosiasjonar til noko traust og ”ukult”. For dei inneber dette ein ambivalens: På den eine sida opplever dei at det å drive med folkedans er noko av det morosamaste dei gjer. På den andre sida føler dei at assosiasjonane som namnet Bondeungdomslaget og lagsføremålet vekker, står fjernt frå måten dei ser seg sjølve på. Dei identifiserer seg ikkje med desse assosiasjonane.

På liknande vis peikar fleire medlemmer på at lagsføremålet kan bidra til å skremme folk frå å bli medlemmer. Innmeldingsskjemaet kan verke voldsamt, og dessutan seier fleire, akkurat som jentene i Barnelaget, at det gir eit misvisande bilete av kva BUL faktisk er for noko. Eit av medlemmene i Leikarringen seier til dømes:

Men det blir jo eit problem når vi har dette innmeldingsskjemaet. Og så rett under så står dette her som er veldig fjernt frå kva vi egentleg held på med. Eg trur veldig mange får stygge fordømmar til kva dei egentlig gir seg ut på viss dei skulle dukke opp på ei øving utan å kjenne til BUL og menneska som er her frå før av. For vi sliter med rekruttering. Og det overraskar meg vel ikkje så veldig mykje når det står på den måten.

Det er altså mange som opplever at lagsføremålet ikkje stemmer med deira syn på kva BUL er og bør vere. Det er derfor symptomatisk at mange omformulerer kravet til å vere medlem frå noko aktivt til noko passivt. Mens formuleringa i loven stiller eit krav om at dei som blir medlemmer i BUL ”vil fremja føremålet”, er det fleire som uttrykker at dei meiner det viktigaste er at dei ikkje motarbeider føremålet:

Ein skal ikkje motarbeide det. Det er sånn eg ser det,

seier eit av medlemmene i Spellaget.

Lagsføremålet og innmeldingsprosedyren oppfattast av mange som ei pakke med omgrep og verdiar som medlemmene i innmeldinga blir forventa å slutte seg til. For mange er lagsføremålet for ”stort” og ”høgtideleg” eller for fjernt og gamalmodig i forhold til deira opplevingar av BUL til at dei klarar å identifisere seg med det. Lat oss derfor dele opp lagsføremålet litt å sjå kva medlemmene tenkjer om kvart enkelt av elementa som er sett saman i målformuleringa.

3.3 Bonden og dei vanskelege assosiasjonane

Vi har allereie sett at mange av medlemmene ikkje kjenner seg att i dei assosiasjonane namnet Bondeungdomslaget gir. Fleire påpeikar at landbruket i Noreg er mykje mindre i dag enn for over hundre år sidan. Dei som er medlemmer, har ikkje sin identitet knytt til bondeyrket. Det er ikkje så mange som ser seg sjølve som bondeungdom med behov for vern og hjelp i storbyen. Ein informant frå Barnelaget seier såleis i diskusjonen om lagsføremålet:

Det heiter jo Bondeungdomslaget. Det sa jo noko om at det skulle samle bondeungdommen, skulle eg til å seie. Vi er ikkje akkurat bønder vi da. (ler)

Informantane frå Idrottslaget kjenner seg heller ikkje att i vekta som grunnføremålet legg på bondekultur og landsungdom:

I Idrottslaget så føler eg ikkje at det fungerer sånn i det heile tatt. Det har jo ikkje noko med bønder å gjere! Vi er jo heilt vanleg byungdom (...)

Eg heldt på å seie, dei bondegreiene er jo heilt utpå, eg veit ikkje eg, i alle fall i Idrottslaget så er jo det heilt ute.

Ja, det er jo naturleg da. Det har ikkje så mykje med idretten å gjere, syns eg.

Når medlemmene for det meste ikkje identifiserar seg med bondekulturen eller bondeyrket, har dette sjølv sagt å gjere med at det er mange som ikkje har bakgrunn frå bondestanden. Samtidig tyder ein del av utsegna på at dette handlar om noko meir enn at medlemmene av i dag reint faktisk ikkje kjem frå gardar. Det å bli identifisert med bondekulturen ser også ut til å vere noko pinleg. Det er talande at mange lo når bondeyrket var tema i fokusgruppene. Sjølv om det har skjedd store endringar sidan BUL blei etablert, tyder dette på at laget framleis lever i ei spenning mellom det urbane og det rurale. Denne spenninga har ikkje heilt tapt si kraft sjølv om ho heilt sikkert artar seg annleis i dag enn på slutten av 1800-talet og utover 1900-talet (jf. Lønning 2003).

Fokusgruppeintervjua gir altså lite støtte til å halde på målet om å ”auka vyrnaden for bonden og bondeyrket”, slik det er formulert i grunnføremålet per i dag. Det er likevel viktig å merkje seg at det blant ein del er ei viss interesse for å halde fast ved noko kring

bondekulturen. I løpet av dei siste åra har det vore auka interesse for småskalamat, lokal mat, økologisk mat osb. Samtidig som landbruket i Noreg har vore under press i lengre tid, har nye forbrukarvanar opna for ein ny trend med nisjeprodukt som stikkord (Lønning 2003). Denne trenden kan eit stykkje på veg også koplast til engasjement for miljø og berekraftig utvikling. I den følgjande samtalen frå ei av fokusgruppene i Spellaget er medlemmene inne på dette som eit muleg tema å fokusere på for BUL:

Og bondeklassa er jo på veg ut. Det er jo ikkje bønder der det skal vere bønder.

Det er nokon få storbønder og så forsvinner alle småbøndene og så...

Men viss vi ser på ein organisasjon som Natur og ungdom, for eksempel at BUL kunne leggje litt meir vekt på å jobbe for miljø, samtidig, at det med miljø, at det med bygd og bonde og det går inn i dette med miljø. Då trur eg det vil vekke større interesse, altså for det er jo noko som opptar de unge. Miljøverksemd. Økologiske matvarer. At det er viktig at bonden driver miljøvenleg.

Andre peikar på at spenninga mellom det urbane og det rurale er noko av det som gjer at BUL skil seg ut frå andre frivillige organisasjonar:

Eg syns det er viktig at Bondeungdomslaget beheld særpreget sitt, at det ikkje blir som et kva som helst anna lag, heldt eg på å seie. At ein har på ein måte forankringane i bygdekulturen. Sånn at vi har vårt særpreg.

Ein av dei andre deltakarane i den same fokusgruppa støttar opp under det same synspunktet:

Det er veldig viktig at det er noko spesielt i bybildet. At det er noe rart i bybildet. Det er det som gjer at vi syns.

Dei siste sitata peikar altså på at det kan vere ein veg å gå å nettopp bruke spenninga mellom det urbane og det rurale konstruktivt. Referansen til bondekulturen kan i den urbane konteksten BUL er lokalisert i, vekkje oppsikt og interesse.

I lagsføremålet er det ei logisk kopling mellom arbeidet for å auka ”vyrnaden for bonden og bondeyrket” og å ”gjeva landsungdom i hovudstaden vern og hjelp”. Kulturen som BUL sett seg føre å arbeide for, speglar seg i den målgruppa organisasjonen retter seg mot. Denne koplinga er i dag svak ettersom det er få av medlemmene som identifiserer seg med bondeyrket. Det er derfor nødvendig å spørje om kva slags målgruppe BUL skal rette seg mot i tida framover.

I kva grad BUL bør definere ei avgrensa målgruppe, er det litt ulike meiningar om. Ein del gir uttrykk for at det er viktig at Bondeungdomslaget er ein stad kor dei møter folk som kjem frå bygdesamfunn frå heile landet. Eit av medlemmene i Spellaget uttrykker det slik:

Det er liksom, i alle fall når du kjem frå ein, når du er bevisst på kor du kjem frå, så føler du deg veldig ofte meir heime med folk som kjem frå bygder. Så å jobbe meir aktivt for det, at ikkje det berre er ein organisasjon der du dansar og driv med sånne gamaldagse ting, at det liksom er mot ungdom, og at det ikkje berre er tradisjonelle kjedelege ting.

Informanten understrekar altså at ho opplever det som positivt at Bondeungdomslaget er ein møtestad for folk frå bygdene. Samtidig er ho opptatt av at bygdeprofilen ikkje må vere einstyndande med at aktivitetstilbodet blir gamaldags, tradisjonelt og kjedeleg. Andre meiner at BUL ikkje bør avgrense seg til særskilde målgrupper, men vere ein stad for alle:

Det er viktig at det lyser av å vere et lag for alle. Og ikkje minst for oss østlendingar og Oslofolk så er det jo veldig fint at vi ikkje føler oss på nokon som helst måte utanfor ved å vere med på laget. Det er viktig. Så den ordlyden bør ein vurdere å endre på slik at den er meir inkluderande. I alle fall i disse tider med meir innvandring,

Det er altså mange som peikar på at BUL må bli meir inkluderande. I denne samanhengen er den fleirkulturelle situasjonen i Noreg generelt, og Oslo spesielt, ein viktig referanse. Dei store kulturelle endringane i samfunnet knytt til innvandring tilseier at BUL må endre ein del på profilen sin. Eit medlem seier slik:

Altså det må bli mindre normativt. Det må ikkje vere sånn peikefingermentalitet som det BUL alltid har stått for. BUL må bli meir inkluderande. BUL må på ein måte bli meir attraktive. BUL må bli inkluderande i forhold til innvandrarar og ja, alle type menneske og det som på ein måte er i Oslo. Det Oslo i dag er, og BUL må på ein måte ta omsyn til kva slags befolkning som er i byen, og så må det vere mykje meir inkluderande. BUL er altfor konservativ og gamalmodig i forhold til både kultur og verdisyn.

Ei tolking av det siste sitatet kan vere at mens lagsføremålet blei formulert i ei tid kor det var større kulturell homogenitet, inneber innvandring og andre kulturelle endringsprosessar at det er vanskeleg å halde fast på ein særskild ideologi som verdiforankring i laget. Etter som samfunnet har blitt meir pluralistisk, er det viktig at BUL også har større rom for forskjellar knytt til kultur og verdier.

3.4 ”Å vere kulturberar utan å vere sidrompa”

Spørsmålet om dei store kulturelle endringane i det norske samfunnet rører ved det ’norsklyndte’ elementet i lagsføremålet. Norskdom og norsklyndt er ord dei fleste deltakarane i fokusgruppene ikkje identifiserer seg med. Det er likevel mange som er opptatte av at det er ei viktig oppgåve for Bondeungdomslaget i Oslo å ta vare på den norske folkekulturen og den nasjonale kulturarven. Ikkje minst kjem dette til uttrykk i fokusgruppa frå Leikarringen. Eit av medlemmene her forklarar korleis ho tenkjer om dette:

For eg tenkjer jo, viss eg skulle gjetta på kva som var lagsføremålet, viss eg ikkje hadde sett dette her, det har eg jo sidan eg har meldt meg inn. Viss eg skulle gjetta på det ut i frå det eg opplever når eg er med, så ville eg tenkt at nokre av hovudmåla var å bringe vidare den norske kulturarven gjennom altså dans og song. Og ja, bunadsting. (...) Noko sånt noko. For eg tenkjer at det er i tråd med sånn som særлага driv i dag, og at det også ville vere ei mykje betre forklaring til utanforståande kva BUL i praksis er i dag da. Og så kunne ein heller ha med ein sånn, kort, BUL si historie eventuelt, som da ikkje er del av lagsføremålet.

Fleire fortel på liknande vis at det å ta vare på og formidle den norske kulturarven er eit mål som gir mening for dei. Eit av dei andre medlemmene i Leikarringen fortel til dømes at ho opplever det som meningsfullt å arbeide med dei gamle dansane, fordi det betyr at ho er med på gjere denne kulturen til ein levande kultur. Å danse folkedans er ein måte å bidra til at dansane ikkje berre er noko du kan lese om i historiebøkene, men noko som kan opplevast i dag:

På ein måte så føler eg at det blir litt meir kontakt med fortida. At det er ein sånn fin del av tradisjonen som man tar med seg vidare. For det er ein veldig annan måte å danse på enn det som er popmusikk, og den musikken som ein dansar til i andre land. Så eg syns det er veldig fint det, både at bunadene på ein måte passar til dansane og bevegelsane, på ein måte samtidig som vi har det gøy, held på med noko som er ein del av kulturen egentlig. Sjølv om vi ikkje er så mange, så syns eg jo det er litt viktig at det blir heldt ved like, at det er nokon som faktisk bruker det, at det ikkje berre står omtala i ei bok.

For mange inneber den fleirkulturelle situasjonen at det blir viktig at fokuset på den nasjonale kulturen ikkje fører til nasjonalisme. Eit av medlemmene i Songlaget meiner det er viktig å finne den gode balansen her:

altså det å vere konstruktiv til det nasjonale utan å vere nasjonalist, altså å vere kulturberar utan å vere sidrompa.

Kva det betyr både å skulle vere opptatt av det nasjonale og samtidig vere konstruktiv, er ein vanskeleg diskusjon som fokusgruppene ikkje gav eintydige svar på. Fleire peikte på at den tradisjonelle norske folkekulturen kan sjåast på som ein slags kjerne som ein kan utvikle ved å ta inn element frå meir moderne formar for kultur.

Jo, men det er jo litt sånn at ein kan jo gjerne bruke litt moderne verkemiddel kan du også seie. Så i Songlaget så held vi oss jo mykje til folkemusikk, men vi tar jo i bruk nye arrangement da som fenger noko meir. (...) Man må liksom tenkje litt på kva fenger i dag. Så eg trur det at ein på ein måte også må bli tydeleg. Ein kan ikkje støtte seg til det same som før i og med at samfunnet har endra seg, men så må ein samtidig vere litt tydeleg på kva ein vil ha også.

I kjølvatnet av slike utsegn er det fleire som også har peikt på at BUL ikkje må drive med konservering av kultur. BUL må vere ein stad kor kulturen er i live og utvikler seg. Eit par utsegn frå ei av fokusgruppene i Songlaget understrekar dette:

kulturen må få lov til å utvikle seg og ikkje vere museum.

Ikkje vere ein institusjon som står stille.

3.5 Kampsak eller tvangstrøye

Formuleringa i grunnføremålet som seier at laget skal ”arbeida for atterreisning av det norske folkemålet” har betydd at målsaka har vore ein av dei sentrale ideologiske byggjesteinane i BUL. I fokusgruppeintervjua kom det opp mange og ulike synspunkt på språkpolitikken i laget. For det første er det ein god del som set pris på at BUL har ein klar målprofil. Eit av medlemmene i Spellaget seier til dømes:

Det eg syns er fint er at her kan vi dyrke nynorsk og dialektar og bruke det i teaterstykke. Det er ikkje heilt, vi er bunde til nynorsk da, men vi kan liksom bruke dialektane i stykka. Det syns eg er veldig positivt.

Andre trekker fram reint personlege erfaringar knytt til å bli meir bevisst sitt eige språk. Dei følgjande sitata frå to av medlemmene i Songlaget illustrerer det:

Eg tenkjer på ein ting som faktisk er veldig viktig for meg i det å vere med i Songlaget, er at eg har fått tilbake språket mitt. (ler) Det var eg faktisk på veg til å miste da eg begynte her. (...) Det som du møter i musikk. Du møter masse lyrikk altså. Norsk lyrikk, altså, som du ikkje tenkte at fantes som jo ja er ei flott verd å ta del i.

Eg vil kalle det meir ei bevisstgjering også eg da av språket vårt og dialektane som du seier. (...) Vi har liksom tonar i frå Sunnmøre og Trøndelag og nordover og

Agder og alt og med den type dialekt som det da er i den og den konkrete songen. Og det syns i alle fall eg er kjempespennande. Bevisstgjøring vil eg seie da på dialektbruk i BUL. Som eg ikkje trur eg hadde hatt om eg hadde sunge i eit anna kor.

For det andre er ein del medlemmer som i og for seg ikkje har noko mot at BUL har ein nynorskprofil. Dei aksepterer det, men seier samtidig at dei ikkje har noko ønske om å arbeide aktivt for å fremme målsaka sjølv. Eit av medlemmene i Spellaget seier til dømes:

Eg trur ikkje folk er, eg er jo ikkje i mot nynorsk. Eg går med lett hjerte inn i ein tekst sjølv om den er nynorsk, men eg har ikkje som verdi at eg skal spreie det nynorske til folk som kjem og høyrer på. Så det er ikkje nokon verdi i meg som vil det veldig gjerne. Det er eit premiss for at eg skal vere med.

Andre framhevar på liknande vis at dei opplever at målsaka er lite påtrengande. Dei registrerer at dei får skriftleg informasjon på nynorsk, men har elles lite kontakt med laget sitt arbeid for målsaka:

Det er jo for så vidt ikkje noko som vi ser noe særlig til da. Vi får nokon skriv på nynorsk, men det er ikkje noko stort problem. Så lenge eg slepp å skrive nynorsk, så er det eigentleg ikkje så veldig farlig, men...

For det tredje er det ein del medlemmer som uttrykker at dei er provosert over at dei berre ved å vere medlemmer i BUL automatisk bli meldt inn i Noregs Mållag. Fleire seier at det ikkje er nokon logisk samanheng mellom å vere aktiv i eit særslag i BUL og samtidig skulle vere medlem i Mållaget. Eit av medlemmene i Leikarringen seier det slik:

(...) men det irriterer meg at eg samtidig som eg skal vere med å danse, viss eg skal vere medlem og halde på med det, så blir eg automatisk medlem i Noregs Mållag, og eg syns ikkje at de to tinga nødvendigvis heng saman. Det er jo ikkje det at eg har noko mot at vi syng veldig mykje på nynorsk, og at ein skriv på nynorsk, men det er ikkje av den grunn sagt at eg er einig i den politikken som Noregs Mållag fører. Det er på ein måte to veldig separate ting å drive med folkedans og vere for å vere med i Noregs Mållag. Så den delen syns eg eigentleg er det mest negative.

Ein annan informant har langt på veg ein konspirasjonsteori om det heile:

Det er et tjuvtriks for å synliggjøre at mållaget har mange medlemmer, ikkje sant.

Synet på målsaka varierar mykje mellom medlemmane i BUL. Mange avskygningar av ”for” og ”mot” kjem til uttrykk i fokusgruppene. Her skal vi også hugse på at beinveges

medlemmer som truleg har målsaka som ei av sine kjernesaker i BUL-samanheng, er underrepresentert i materialet til denne rapporten.

3.6 *Edruskap og nasjonalt sjølvstende*

Spørsmålet om edruskap vekte langt mindre engasjement og kjensler enn målsaka. På den eine sida er det ingen som har tatt til orde for å sløyfe denne delen av målformuleringa. For mange er det ei grei ordning at det ikkje nytast alkohol på arrangement i regi av laget. På den andre sida var det ein del innspel om at spørsmålet om edruskap kanskje ikkje treffer dei moderne rusproblema så godt. Eit av medlemmene i Spellaget seier for eksempel:

Edruskap, altså i dag snakkar vi jo ikkje om edruskap. Vi snakkar om, mot narkotika, ikkje sant, for eksempel.

Og for medlemmene i Idrottslaget er kanskje antidopingspørsmål vel så relevante som alkoholspørsmål.

Formuleringa om at laget skal arbeide for ”nasjonalt sjølvstende i alle leier”, blei knapt nok nemnt i fokusgruppene. Enkelte peikte på at fleirnasjonale samanslutningar som EU og NATO i og for seg betyr at temaet er aktuelt, men det var lite engasjement å spore rundt slike spørsmål.

3.7 *”Ein pengesekk litt høgare opp”*

Eit av dei viktigaste poenga i gjennomgangen vi har gjort i dette kapitlet så langt, er at det ser ut til å vere liten oppslutning om den breie ideologien BUL blei etablert med utgangspunkt i. Det er få, om nokon, av dei som har deltatt i fokusgruppeintervjua, som kan tolkast heilt og eintydig som talsmenn og -kvinner for den frilyndte ungdomslagsideologien. Det er likevel mange som identifiserar seg med enkelte element i lagsføremålet, i alle fall om dei blei omformulert i tråd med dagens samfunnssituasjon og gis ei språkleg drakt som er meir ”up to date”. Dette rører ved måten BUL er konstruert på. Kva er det som held BUL saman om det heilskapelege ideologiske rammeverket ramlar frå kvarandre? Kva er forholdet mellom hovudlaget og aktivitetane i særлага om den ideologiske grunngevinga for BUL ikkje lenger gir mening for medlemmane i laget?

Eit utslag av at medlemmene i så låg grad identifiserer seg med ungdomslagsideologien, er at særлага langt på veg lever sine egne liv. Inntrykket er at særлага har liten kjennskap til kvarandre. Jentene i Barnelaget skulle gjerne sett meir til dei andre særлага, men utover det, er dei fleste fornøgde med å få halde på med sitt. Eit av medlemmene i Spellaget seier det slik:

Vi syns vel ikkje at dei andre angår oss så mykje egentleg. Vi har ikkje så mykje til felles med Leikarringen, Idrottslaget og songkoret. Det er liksom ikkje nokon

connection og vi vil vel ikkje egentleg ha det heller. Vi liker vår eigen lille asosiale klubb.

Dette tyder ikkje at særлага ikkje ønskjer å vere del av BUL. Tvert i mot ser det ut til. Ein av samtalanene i ei av fokusgruppene i Spellaget illustrerer med talande metaforbruk at relasjonen mellom særlag og hovudlag oppfattast som vesentleg:

Men eg trur alle vi her kan seie at BUL er som ei mor, og når du er barn, så bryr du deg liksom ikkje om kva som er med mora, for vi har det godt likevel, kan du seie. Det er litt sånn.

Vi har fått den hjelpa vi treng til å vere sjølvstendig.

Det er bra at vi har BUL altså.

Men når mor dør og barnet blir vaksen, kva skjer da?

Mor dør aldri!

Vi får lov til å vere barn heile tida. Under ei sterk mor.

Om ein skal tolke denne metaforbruken fungerer hovudlaget som ein livgivar særлага ikkje ville kunne klart seg utan. Samtidig ser særлага på hovudlaget som ein sterk og trygg vaksenperson som ikkje treng deira støtte. Det er såleis typisk at når spørsmålet om kva det tyder at deira særlag er ein del av BUL, har blitt diskutert i gruppene, er det mange som framhevar dei økonomiske fordelane.

Samanlikna med mange andre frivillige organisasjonar har BUL ein sterk økonomi. BUL eig ein bygard midt i Oslo. Delar av denne bygarden brukast til forretningsdrift som er skilt ut i aksjeselskapet Bøndernes Hus. Her ligg Heimen Husflid, Bondeheimen og Kaffistova. Forretningsdrifta tilfører BUL ein del pengar som laget kan bruke til sine frivillige aktivitetar. Særлага får såleis støtte til sine aktivitetar frå hovudlaget. Og det er hovudlaget som står økonomisk ansvarleg om særлага kjem i pengeknipe. Å vere ein del av BUL gir såleis ein økonomisk tryggleik som hadde vore utenkjeleg om særлага hadde vore frittstående. Eit sitat frå ei av fokusgruppene i Spellaget er treffande:

No har eg vore med i fleire år. Eg har enno ikkje heilt skjønt den organisasjonen vi er medlem i da. Det er muleg eg er litt sånn treig da, men... (...) Ja, for det blir veldig sånn at Spellaget liksom er ei greie, og så er det ein eller annan pengesekk litt høgare opp. (ler)

I tillegg til dei openbare økonomiske fordelane det gir å vere del av BUL, er det mange av medlemmene i særлага som også set pris på lokala dei kan bruke til sine aktivitetar. Eit av medlemmene i Songlaget seier til dømes:

Det er jo fint å vere del av eit særslag i BUL (...) det hjelper jo oss økonomisk og praktisk med øvingslokale med stemt flygel og så vidare og så vidare. Eg er veldig fornøgd med at det er midt i byen.

Det er likevel ikkje til å kome frå at forholdet mellom særлага og hovudlaget, både ideologisk og økonomisk, er noko av det som har tyngja organisasjonen mest opp gjennom åra. Med meir eller mindre jamne mellomrom har det blussa opp ein konflikt som går på Idrottslaget sin posisjon i BUL. Denne konflikten har handla om kor vidt Idrottslaget har ein like naturleg og rettmessig plass under BUL sine vingar som dei andre særлага. Stort sett har konflikten toppa seg i samband med økonomiske kriser i Idrottslaget. Samanlikna med dei andre særлага er dei økonomiske implikasjonane av Idrottslaget sine aktivitetar langt meir omfattande enn i dei andre særлага. Ikkje minst er risikoen for underskot stor i samband med store idrettsarrangement som Idrottslaget er arrangør og medarrangør for (Bislett Games, Sentrumsløpet, BUL-sprinten osv.). Samtidig er det idrettsfeltet sin logikk som først og fremst ligg til grunn for Idrottslaget sine aktivitetar (Tangen 2004, Bergsgard 2005). Eit sentralt særmerkje ved idrettsfeltet, i alle fall toppidretten, er fokuset på prestasjonar og på tap/vinn. Denne logikken var langt på veg baka inn i ungdomslagsideologien i laget sin spede barndom (Almenningen 1989). Etter kvart ser det ut til at idrettslogikken har blitt meir og meir reindyrka i aktivitetane til Idrottslaget. Konflikten kan på denne måten også sjåast som uttrykk for eit gap mellom ideologiar. For ein utanforståande står konflikten mellom Idrottslaget og delar av hovudlaget langt på veg fram som eit ope sår. Det rekk ikkje å gro før det rivast opp igjen.

I fokusgruppeintervjua var det mange medlemmer som gav uttrykk for at dei er kjent med denne konflikten. Måten saka blei omtala på, tyder likevel ikkje på at den vekker dei heilt store kjenslene blant så mange. Nokre av medlemmene i Leikarringen meiner nok at det beste ville vore at Idrottslaget blei meldt ut av BUL. Eit av medlemmene derifrå seier det slik:

Vi hadde jo aldri vore eit lag saman med det derre Idrottslaget viss ikkje hovudlaget hadde hatt så jævlig mykje pengar! Sant, fordi det er, eg oppfattar jo delvis det idrettslaget for å drive på ein heilt annan måte enn det særлага gjer. Altså dei driv til dels med profesjonell idrett. Det er det ingen av oss andre som eigentleg gjer tilsvarande. Og det gir ei økonomisk usikkerheit i forhold til de andre særлага som jo lagar det her skisma som du stort sett ser da, for å seie det slik. Altså, dei kan jo ta rotta på laget dei, viss dei bommar på Bislett Games. Da sit du plutseleg der utan hotell og hus. Og det er, det skal ikkje så mykje til. Det er klart at, eg skal ikkje dra den historia om gamalt nag og sånn med idrettslaget for det

har vi. Eg ser det litt sånn at det er typisk ein organisasjon som har grodd ut av, altså, den har blitt for stor og annleis i forhold til frivillige særslag.

Medlemmene i Idrottslaget vil på si side gjerne vere ein del av BUL og gir dessutan uttrykk for at BUL har stor nytte av Idrottslaget, fordi idretten bidrar til mykje positiv merksemd:

Eg føler nesten det er det einaste som BUL får i reklame utad da...

Det blir jo ganske dumt å legge ned idrottslaget. Det er jo den einaste publisiteten BUL får utad.

I fokusgruppene i Spellaget og Songlaget var saka langt mindre omtala. Sjølv om forholdet mellom Idrottslaget og hovudlaget treng ei avklaring, kan det vere klokt å sjå saka i ein litt større samanheng. Som vi har sett, er det typisk for alle særлага at dei først og fremst vil dyrke sine egne aktivitetar og i lågast muleg grad bruke krefter på hovudlaget. For ein del av medlemmene handlar dette om ei erkjenning av at deira interesse for å vere med i BUL er knytt til interessa for ein bestemt aktivitet. Dei har ikkje meldt seg inn i BUL fordi dei har som mål å arbeide for ideologien til BUL i si fulle bredde. Dette kjem til dømes fram hos eit av medlemmene i Leikarringen:

...eg tenker at idrottslaget kanskje gjer det. At det dei gjer, er at dei tilbyr ein aktivitet og ikkje har så mykje fokus på resten av organisasjonen. Men i andre organisasjonar som eg er med i, kor det absolutt er ein sånn samanbindande organisasjonstankegang, men kor ikkje nødvendigvis den enkelte på grasrotnivå er med, men kor dei er med i eit idrettslag eller dei er med i et kor eller dei er med i ei barnegruppe, og at ein heller kan tenke litt i den retning. At ein tilbyr ein aktivitet, og så at de som ønskjer det kan vere meir med i stammen eller kjernen i organisasjonen. Det er ein annan tankegang enn den som kanskje råder ein del i BUL. Men eg trur kanskje at det er den vi må gå for.

Som vi har sett, er det aktiviteten i særlaget som er den primære interessa dei fleste medlemmene har for å vere medlemmer i BUL. Dette gjeld ikkje berre Idrottslaget, men langt på veg alle særлага. Eit av medlemmene i Spellaget seier det slik:

For vår identitet er ikkje knytt til BUL da. Den er knytt til Spellaget. Tenkjer eg litt.

Spørsmålet om Idrottslaget si framtid i BUL bør på denne bakgrunnen gå inn i ein meir generell diskusjon om forholdet mellom særлага og hovudlaget.

3.8 Oppsummering

Den breie ideologien BUL blei etablert med utgangspunkt i, har ikkje lenger tilslutning som eit samanhengande heile blant dagens medlemmer. Det er ikkje homogenitet, men heterogenitet som karakteriserar verdistandpunkta til medlemmene. Det er vanskeleg å finne samlande verdiar som alle kan stille seg bak. Likevel verker det som omgrep som ”kulturberar” og ”nasjonal kulturarv” har såpass stor tilslutning at desse kan vere eit utgangspunkt for å diskutere og rekonstruere eit ideologisk fundament for BUL.

Diskusjonen om BUL sitt ideologiske fundament, som må kome, rører også ved forholdet mellom hovudlaget og særlega på grunnleggjande vis.

4 DEN LANGE VEGEN TIL HANDLING

Som vi innleia det førre kapitlet med, kan vi forstå organisasjonar som kollektive reiskapar for å nå mål vi ikkje kan realisere åleine. I arbeidet for å nå bestemte mål er organisasjonsstruktur eit viktig stikkord. Når vi snakkar om organisasjonsstruktur, er det gjerne spørsmålet om korleis ansvar og arbeid skal fordelast som kjem i fokus. Innanfor den tradisjonelle organisasjonsteorien har spørsmål kring organisasjonsstruktur stort sett handla om å finne effektive løysingar på arbeidsoppgåver som må utførast. Nyare organisasjonsteori peikar på at organisasjonsstruktur ikkje kan forståast så enkelt og isolert (Powell og DiMaggio 1991). Organisasjonsstruktur handlar ikkje berre om å finne ”tekniske” og ”formaliserte” løysingar på praktiske problem. Organisasjonsstruktur har også ei symbolsk eller kulturell side. Kva for struktur organisasjonar vel, er i følge ei slik tenking eit spørsmål som er lada med mange kjensler og interesser. I dette kapitlet skal vi ta utgangspunkt i det breie organisasjonsperspektivet og sjå nærare på kva som kjenneteiknar organisasjonsstrukturen i BUL. Vi skal leggje særleg vekt på kva for erfaringar og synspunkt medlemmene har med organisasjonsstrukturen.

4.1 Ein uoversiktleg organisasjon


Eit av dei mest iøyrefallande synspunkta på organisasjonsstrukturen i BUL er at han er tungrodd og uoversiktleg. Utsegn som desse er typiske:

BULs organisasjon er heilt totalt uoversiktleg. Det er komitear og nemnder overalt.

(...) det er så ekstremt uoversiktleg. Det er så mykje som skal til før man kjem nokon veg i organisasjonen, det er egentlig det eg meinte å seie. At man burde danne ein organisasjon som gjer vegen til handling litt kortare. Det var det som var poenget. At man ikkje må involvere alle disse instansane før noko skjer.

Frustrasjonen omkring organisasjonsstrukturen i BUL er til å ta og føle på. Når det snakkast om strukturen i BUL, ligg det irritasjon, resignasjon og aggresjon i lufta. Om ein prøver å skaffe seg oversikt over organisasjonsstrukturen, er det ikkje vanskeleg å forstå desse kjenslene. I papirversjon fyller lovtekstane ein brei tidsskrifthaldar. Det er lover og styreføresegner for hovudlaget og særлага. Desse er detaljrike. Talet på styres, nemnder, utval er høgt. Talet på verv er sjølvstøtt enda høgare. I eit forsøk på telle kor mange verv det er i BUL kom eg til 110. Og da var berre dei faste verva medrekna (inkl. varaverva). I tillegg kjem verv knytt til aktuelle saker og arrangement. Og det er ikkje få av dei heller. Om vi studerer organisasjonskartet til BUL, ser vi at vi har å gjere med ein kompleks organisasjon (sjå neste side). Dei ulike deleiningane er mange, og relasjonane mellom dei går både horisontalt og vertikalt. Organisasjonskartet viser også korleis BUL plasserer seg i høve dei nasjonale og fylkesvise samanslutningane i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Denne strukturen speglar dei tradisjonelle trekka ved frivillig sektor i Noreg slik

dei har blitt omtala av sentrale forskarar på feltet (Selle 2002, Wollebæk og Selle 2002). Aktive medlemmer som engasjerer seg i det interne demokratiet, er ryggrada i denne modellen. Men kva skjer når medlemstalet søkk?



4.2 Eit lag med krympesmerter

I fleire fokusgrupper var mange opptatt av at det er for mange verv i BUL. Det er vanskeleg å få folk til å ta på seg verv, og ofte ender det med at dei same folka blir sittande i årevis med ein brote verv. Eit av medlemmene i Leikarringen seier det på denne måten:

Eg syns vi veldig tydelig slit med litt krympesmerter. Altså i motsetning til voksesmerter. Vi har vore eit veldig stort lag, og så krympa medlemsmassen ganske mykje, og vi har litt sånn gamle tradisjonar som virka og som var greitt å gjere og ålreit å gjere i et stort lag, men nå har vi ikkje folk meir. Og det slit vi med.

Informanten peikar på at det ikkje lenger er samsvar mellom talet på verv organisasjonen treng folk til og medlemstalet. Dette er bakgrunnen for at det er mange som meiner at tida er inne for å forenkle organisasjonsstrukturen i BUL. Eit av medlemmene i Songlaget seier såleis:

Det er egentleg for få medlemmer til å fylle opp det her. Folk har ikkje så mykje tid, så det blir overadministrert og for mykje reglar og sånt så ein må avbyråkratisere det litt. Få færre nemnder og sånn. Trur eg.

Ein annan informant frå det same særlaget meiner det same:

BUL må bli enklare og tydelegare: Det må vere forenkling og tydelig. Oversiktleg slik at folk kan forholde seg til det.

Det er lett å peike på behovet for å redusere talet på verv. Ein organisasjon med om lag 500 medlemmer vil ha problem med å fylle 110 verv på ein fornuftig måte.

4.3 Gretne gamle gubbar

Den store frustrasjonen over organisasjonen BUL handlar likevel ikkje berre om talet på verv. Dei sterke kjenslene kring organisasjonsstrukturen handlar også om den organisasjonskulturen som har utvikla seg innanfor denne strukturen.

Mange opplever at BUL er lamma av endringsvegring. På den eine sida er det såpass mange nivå og nemnder i organisasjonen, at kvar einaste sak, liten eller stor, fort utviklar seg til ein uendeleg føljetong. På den andre sida peikar mange på at dei opplever at dei som sit i råda og utvala, framfor alt ønskjer at alt skal vere som det alltid har vore. Følgjande hjartesukk frå eit par av medlemmene i Songlaget er typisk:

Det går ikkje an å tvihalde på det sånn som det var for femti år sidan. Det går ikkje an, det er dei som er mest aktive på dei derre lagsmøta og sånn. Dei vil at det skal vere sånn som det var.

Det er ein så tung organisasjon, så mykje komitear og råd som bremser, så du får ikkje noko gjennomslag, for du må gjennom ørten instansar. Og som desse sitter i. Altså det er jo den same gjengen som sit i alle desse her. (...) Og det stopper eit kvart initiativ og bremser opp. Og slit ut alle dei yngre leiarane. Det er jo det det gjer! Årsmøtet for eksempel. Vi blir jo jaga dit, og det sit jo berre negative folk der. Og sjølv sagt nokre kjempepositive som ikkje er med i Songlaget, men dei blir jo i mindretal. Og det er altså dette gamle gubbevelde og sånn sett så er eg skikkeleg bekymra for heile BUL, for eg er ikkje sikker på korleis ein skal kome seg ut av det. Kort og godt.

Uttrykket gammalt gubbevelde er talande. Mange oppfattar at noko av problemet er knytt til generasjonsforskjellar. Mens fleire av dei eldste i organisasjonen kanskje ser det som si oppgåve å sørgje for at tradisjonane i BUL blir halde i hevd, opplever fleire av dei yngre at det er vanskeleg å få gjennomslag for initiativa sine. Ein del av medlemmene omtalar dette

som ein slags peikefingermentalitet. Eit av medlemmene i Spellaget opplever at ein del av dei eldre i BUL fungerer som eit slags målpoliti når dei framfører stykka sine:

Jo, men det har jo også vore litt sånn nervøs stemning for den eller den, no kan ikkje eg namna, men at ein eller annan av desse BUL-pampane er i salen, så no må vi skjerpe språket. Sånn har det vært nokre gonger.

Ein del bruker ordet eigarskap for å få fram at dei eldre i organisasjonen set ein dempar for engasjementet hos dei yngre:

Så er det nokre som føler at dei eig organisasjonen da. Dei har vanskeleg for at andre skal kunne drive å styre.

Fleire gir uttrykk for at dei opplever at det eksisterer meir eller mindre uttalte lover og reglar som dei ikkje greier å trenge gjennom når dei har fått ein idé om noko dei har lyst til å gjere i BUL. Det er noko ved organisasjonen mange opplever som vagt og vanskeleg å få grep på. Medlemmene snakkar om dette på måtar som får BUL til å stå fram som ein stad fylt av usynlege snubletrådar. Eit av medlemmene i Leikarringen fortel til dømes at ho syns organisasjonen er forvirrande, og at det for henne betyr at ho engasjerer seg lite:

Men det er framleis veldig sånn vagt og forvirrande med alle desse, sjølv om eg ikkje akkurat er ny i BUL, så har ikkje eg noko tydelegare sånn oversikt over kor dette her eigentleg ligg. Eg føler at det er eit eller anna som ikkje er heilt bra, men eg veit ikkje heilt kva, og det gjer også at eg blir, eg blir litt sånn, kanskje eg ville engasjert meg meir og tatt litt meir ansvar for å organisere ting viss eg ikkje hadde følt noko som ikkje, altså ein blir litt redd for å si feil ting, utan eigentleg å vite at ein gjer det.

Opplevinga av at det eksisterer nokre regler som ho ikkje får taket på, gjer altså at ho blir redd at ho uforvarande skal kome til å seie noko galt. Eit av medlemmene i Spellaget seier om lag det same:

Eg har vel også vært et sånt foreiningsmenneske i sånn ungdom og oppvekst og alt det der, men det er eit eller anna med Bondeungdomslaget som er noko sånn skikkeleg sånn ordentleg konservativt, tungrodd, står for meg da, der det er ein sånn organisasjonskultur som eg ikkje får tak i. Og da trekk eg meg ut heller, for det blir for vanskeleg. [I: Fordi du ikkje kjenner kodane?] Ja, og kodane og: "Sånn har det vært" og "sånn skal det vere" og "blablabla", sånn som eg ikkje forstår, ikkje sant. For det er jo ein organisasjon med masse tradisjonar og masse greier liksom.

Også fleire av medlemmene i Leikarringen er opptatt av det same. Ei av dei peikar på at mange spørsmål som for henne handlar om å finne praktiske løysingar, ofte gjerast til lada verdistrider. Små organisatoriske spørsmål blir til store debattar som hindrar godt lagarbeid:

Eg tenkjer vel sånn om organisasjonen generelt, så er det er veldig lite sånn tankegang om at, eller haldning på at, vi trekk i same retning, og at vi kan trekke veksler på kvarandre i dei ulike særлага eller det ein har oppnådd. Det er veldig mykje sånn, det er veldig veldig mange av dei eldre kanskje særleg, som, opplever eg da, som har veldig sterke verdiar, at det er veldig forankra i et sånn sterkt verdisyn sånn at det blir ein verdidiskusjon med ein gong sjølv om det berre er eit praktisk spørsmål om korleis julebordet skal arrangerast. Og det er for så vidt ikkje noko negativt i det, men da blir det ein veldig sånn, det har eg bare skjønt, når eg kom inn i organisasjonen, at okei; her ligg det nokre straumdrag og skiljeliner som eg ikkje heilt klarer å sjå kva er, men her kan eg trække i salaten viss eg ikkje, ja... og det tenkjer eg at det er utruleg unødvendig å bruke så mykje energi og tid på.

Mange av dei yngre opplever på denne måten at ein del av dei eldre i organisasjonen forstørrar ei kvar sak. Til dels handlar dette om møtekultur. Eit av medlemmene i Songlaget irriterar seg over den. Den er for omstendeleleg og detaljfokusert til at han klarar å halde motivasjonen oppe:

Ja, ikkje sant ein får sånn skrekken av sånne gamle gubbegreier, ikkje sant. Sånn som når dei bruker tre-fire timar på å berre diskutere protokollen, og dagsplanen ikkje sant, og det er fritida vår og det gidder ikkje eg altså. Da skal det vere veldig viktig. Sitte der å høyre på, altså eg er litt uinteressert i saksgangen eg altså berre vi får beslutta det... ja. Sånt, da gidder ikkje folk. Da får det vere. Til slutt så begynner man ein annan stad. Det trur eg. Eg trur BULs største utfordring i dag, er, for å få folk engasjert eg. Dei gamle som er medlem altså. Viss du fjernar dei, så er det vel ikkje meir igjen enn ein tredjedel tenkjer eg, av hele greia, men da har man kanskje litt ny giv og...

Dette er eit spørsmål som opptar fleire. Ein del av medlemmene frykter at om ikkje det blir rydda ordentleg opp og yngre krefter får friare spelerom i organisasjonen, så ser framtida mørk ut for BUL. Eit av medlemmene i Spellaget seier til dømes:

Og da er spørsmålet på ein måte skal organisasjonen føres vidare, for at yngre krefter må jo komme inn. Og viss det er sånn at dei som kjem inn unge og friske, føler at de blir overkjørt av dei som har sete i styret i alle herrens år, at ein kanskje bare backar ut og til slut så vil jo da kanskje organisasjonen forvitre da. At ein ikkje får inn friskt blod nedanfrå som føres oppover.

Spørsmålet om organisasjonskultur kan lett bli personfokuset. I denne sammenhengen er det viktig å sjå at ulike deler av medlemsmassen er berarar av ulike verdiar og interesser når det gjeld frivillig organisasjonsliv. Ei viktig skiljeline mellom dei eldre og dei yngre handlar om haldningar til kva det tyder å vere ein del av ein frivillig organisasjon, og kor stor del av livet BUL skal fylle. Som vi har sett, har medlemmene som har vore med på fokusgruppeintervju, stort sett gitt uttrykk for at dei har ei avgrensa interesse for BUL. Dei har ikkje meldt seg inn i BUL fordi dei heilt og fullt står inne for den breie ideologien organisasjonen er tufta på. Dei har heller ikkje meldt seg inn i BUL fordi dei ønskjer å sitte i styre og stell. Dei har meldt seg inn fordi dei vil vere med på ein aktivitet. Følgjande utsegn er frå medlemmene i Leikarringen er typisk for denne haldninga. Ein informant seier:

For eg altså har jo på ein måte vœra at det er forskjellige ting som skjer. Men eg vel på ein måte å ikkje engasjere meg noko i det liksom. For eg er her berre for å danse eg. For å ha det hyggeleg og danse. Og eg blåser eigentleg i alt dette styret. Eg har ikkje meldt meg inn i noko leiarskap på nokon måte. For det syns eg ikkje er så interessant rett og slett. Så det er for så vidt, ja, det er mi meining om det. Eg engasjerer meg rett og slett ikkje i det.

Ein annan informant seier det slik:

Det kan kanskje hende at tidene berre forandrar seg og folk har, eller eg syns eg har mange andre ting eg driv med også, men eg har lyst til å fortsette å danse likevel, sjølv om det da ikkje treng å vere alle mine fritidssysler på ein gang, men ein del av det. Det er kanskje forskjellen, at det tidligare var noko som opptok meir tid og folk brukte fleire dagar enn bare ein dag og ein kveld med nokre timar. Det er altså fleire no, trur eg som berre er her kvar tredje tysdag eller annenkvar tysdag eller ein gong i blant. Mens eg innbillar meg, eg veit jo ikkje, men eg trur at tidligare var det mye meir regelmessig at folk faktisk dukka opp oftare. (...) Så eg trur vel at BUL kanskje har eit lite problem med at ein ikkje heng heilt med i den utviklinga som er over alle andre plan av samfunnet. Derfor så kan man bli litt bitter på at ting ikkje blir akkurat som det var.

Ein tredje informant seier noko av det same:

Men kanskje noko av det eg reagerar på er, altså, nokon av de som sit i, eg har ikkje nokon konkrete menneske, men desse menneska som er litt sånn eldre enn meg og som har vore med kjempelenge, som er i hovudlaget som syns det er veldig synd at noko av det BUL som hovudlag ein gong var, ikkje lenger er, og at folk ikkje lenger interesserer seg for det, altså lagsmøte, eller kva det heiter for noko, som dei hadde i gamle dagar, og at den sorga over at det er borte, på ein måte får eit andlet som ein sånn derre, kva skal eg seie, edder og galle mot de ulike særlaga, eller mot

et eller anna sånn, og at, som ein sånn bebreidande på at ikkje ungdommen i dag engasjerer seg i det. Mens eg har andre fora kor eg kan diskutere akkurat dei same tinga, eller gå på dei same type debatter som fantes i BUL for mange år sidan.

Ein fjerde informant seier:

Men da kan det kanskje samtidig vere sånn at aktivitetane som ein da ikkje har så mykje lyst til å bruke tid på, dei droppar ein rett og slett. Så tar man med seg vassflaska si når ein kjem. Sånn er det på andre steder, der det bare går rundt liksom, og det kommer masse folk. Så det er jo noko med det altså.

I sin studie av frivillige organisasjonar finn Wollebæk og Selle (2002) noko av det same. Viljen til å bruke tid på dei demokratiske prosessane internt er langt mindre blant dei yngre generasjonane enn dei eldre.

4.4 Eit eldstestyre?

Som det går fram av organisasjonskartet, er BUL bygd opp hierarkisk med mange nivå. Derfor er det ofte lang veg oppover i systemet frå eit initiativ på sêrlagsnivå til ei avgjerd som gjer det muleg å sette ideen ut i livet. I denne samanhengen har særleg Rådet fanga mi interesse. I tillegg til at hovudlaget har eit styre, fins det eit råd med 26 faste medlemmer (og ti varamedlemmer) som har særleg ansvar for å passe på økonomien i BUL. I følgje lova (§8) har rådet følgjande oppgåver:

Rådet skal ha tilsyn med økonomien i laget og sêrlaga og i økonomiske tiltak laget eig eller er med i. Rådet gjev tilråding om lagsbudsjettet og rekneskapen og i saker etter §10. Om dei økonomiske tiltak laga eig eller er med i, skal tilrådinga frå rådet vera skriftleg og etter måten ei utførleg vurdering av drifta og resultatet. Rådet gjev elles tilråding i andre saker som styret legg fram, og i saker som rådet meiner er så viktige at rådet tek dei opp av eige tiltak. Rådet fastset etter framlegg frå styret, og i god tid før årsskiftet, eit mellombels budsjett for lagsdrifta. Rådet skal nemna opp ettersynsfolk for lagsdrifta.

I rådet er det representantar frå dei ulike delane av BUL, slik at samansettinga så langt råd speiler dei ulike sêrlaga sine interesser. Sjølv om det er vanskeleg å finne folk nok, fekk eg gjennom fokusgruppeintervjua eit inntrykk av at det å sitte i Rådet tradisjonelt har vore ei ære. Å bli rådsmedlem har vore noko litt stort. Det er typisk at eit av medlemmene som har deltok på fokusgruppeintervju, og som sit i Rådet, omtaler seg sjølv på denne måten:

Og eg sit altså no i rådet i BUL, så da er eg liksom blant dei i den klassen der.

Rådet er ei eiga ”klasse”. Ein annan fortel at det tidlegare var sånn at det vart servert middag i samband med rådsmøta, og understreikar såleis det same. Rådet sin funksjon

historisk har vore både ærefull og ansvarsfull. Det er derfor interessant å merkje seg kva for kriterium Leikarringen har sett opp i regelverket sitt for utnemninga av rådsmedlemmer:

Det skal vera ni rådsmedlemmer og tre varamedlemmer valde mellom lagsfolk som
a) tidlegare har vore leiarar i Leikarringen, eller
b) har vore rettleiarar i Leikarringen minst to år, eller
har heidersmerket⁵.

Desse kriteria gir inntrykk av at det å bli rådsmedlem har vore ei slags heidersutmerking for personar med særleg innsikt i BUL. Og det har ikkje vore eit verv ein har fått utan ei viss fartstid i organisasjonen. Mine assosiasjonar går til ordninga med eldstestyre slik det praktiserast i presbyterianske kyrkjelydar. Det er eit litt lukka fellesskap av eldre herrar som har som si oppgåve å følgje med på at soknebarna ikkje kjem på ville vegar.

4.5 Oppsummering

Gjennomgangen i dette kapitlet gir ein peikepinn om at organisasjonsstrukturen og organisasjonskulturen lir av at BUL har halde fast i ei organisasjonsform som passa godt i den historiske samanhengen den blei skapt i, men som ikkje lenger gir mening for dei fleste av dagens medlemmer. Strukturen er for kompleks og krev for mange tillitsmenn og -kvinner. Kulturen er for konfliktprega og opphengt i gamle tradisjonar. Djupast sett kan vi seie at det utspeler seg kampar mellom generasjonane om kva som er dei gode måtane å forvalte BUL sin identitet på. Dette rører også ved kva det tyder å vere medlem i BUL. Kor stor del av livet skal BUL vere?

⁵ ”§ 17 – Heidersmerke: Leikarringen har eit heidersmerke som vert delt ut etter samrøystes vedtak i styremøte der heile styret må vera med. Rettesnor for utdeling av heidersmerke:

1. Leiar i tre år og gjort godt arbeid.
2. Rettleiar og framsyningsdansar i fem år og gjort godt arbeid.
3. Aktiv framsyningsdansar i minst ti år og i tillegg teke del i andre aktivitetar som fremjer føremålet til Leikarringen, t.d. styrearbeid i ringen eller hovudlaget, nemndarbeid, musikk, o.l.
4. Styret kan i særskilde høve dela ut merke til medlemmer som fell utanom dei tre fyrste punkta i desse føresegnene.”

5 VEGEN VIDARE

Kva for forslag til endringar kan ein utleie av denne rapporten? Kva bør BUL gjere for å kome styrkja ut av dei utfordringane laget står overfor? I dette siste kapitlet skal eg forsøke å peike på nokre punkt som eg trur det er viktig at BUL tek tak i på vegen vidare.

1. BUL har ein medlemsflokk som set stor pris på moroa og miljøet knytt til aktivitetane i særлага. Hald fast dei gode opplevingane og dyrk dei!
2. Den breie ideologien BUL er etablert med utgangspunkt i, gir ikkje full meining for medlemmene av i dag. Medlemmene sine verdiar er ikkje einsarta. BUL må diskutere seg fram til eit ideologisk fundament som opnar for forskjellar og heterogenitet. Det tyder ikkje at BUL nødvendigvis mister særpreget sitt. Ta tak i dei omgrepa som folk finn meiningsfulle. ”Å vere kulturberar” og ”å forvalte den nasjonale kulturarven” kan vere gode startpunkt. La diskusjonen gå og ver open for kva som kan vekse ut av den.
3. Konflikten mellom Idrottslaget og deler av hovudlaget må få ei løysing. Denne saka må sjåast i ein større samanheng og løftast over det nivået kor det er historisk nag og personleg stoltheit som styrer. Det er primært aktiviteten i særлага som motiverar alle som har deltatt i dette forskingsprosjektet, til å vere medlem i BUL. Hovudlaget oppfattast langt på veg som ei trygg og sterk mor som passar på at særлага har det dei treng. Dette rører ved den ideologiske grunngevinga for relasjonane mellom alle særлага og hovudlaget. Dette må avklarast.
4. BUL er overorganisert. Organisasjonsstrukturen er for stor og kompleks. Organisasjonsstrukturen står ikkje lenger i eit rimeleg forhold til talet på medlemmer. Det er ikkje samsvar mellom den frivillige innsatsen som trengst for å halde strukturen oppe, og viljen medlemmene har til å engasjere seg i dei demokratiske prosessane internt. BUL bør derfor vurdere å redusere talet på verv. Rådet kan vere ein stad å begynne.
5. Organisasjonskulturen i BUL er prega av generasjons- og verdikonfliktar. Dette skapar ein møtekultur som frustrerer mange. Noko av dette kan truleg løysast ved å forenkla organisasjonsstrukturen. Samtidig bør laget utvikle strategiar for organisasjonskulturen som tek vare på det engasjementet medlemmene faktisk har for BUL. Ein lettare og mindre sanksjonerande organisasjonskultur vil truleg frigjere energi hos ein del av dei yngre medlemmene. Å få til det kan vere avgjerande for framtida til BUL.
6. BUL bør drøfte kva det skal tyde å vere medlem i BUL. Innmeldingsprosedyren signaliserar at medlemskap er noko høgtideleg og at det handlar om å slutte seg til ein heilskapeleg ideologi. Kan ein tenke seg at den formelle medlemskapen blir mindre viktig, og at ein opnar for lausare og mindre forpliktande tilknytningar til aktivitetane i laget (til dømes

klippekort?). Ein slik strategi vil truleg krevje profesjonalisering og auka prioritering av det administrative leddet i organisasjonen.

Heilt til slutt tillet eg meg å kome med ei oppfordring: I organisasjonar med såpass stor og kompleks organisasjonsstruktur og omstendelig organisasjonskultur, kan resultatet av prosessar som den organisasjonsutviklinga BUL er inne i no, bli at endringane blir små eller ubetydelege. Det vil truleg ikkje vere så klokt. Organisasjonar lever ikkje i eit samfunnsmessig vakuum. Når det skjer endringar i omgivnadene, verker desse endringane også inn på organisasjonane. Nokre gonger kan det å ikkje endre seg, vere det same som å la omgivnadene styre. BUL bør heller ta utgangspunkt sine gode kvalitetar og ta grep!

6 LITTERATUR

- Almenningen, Olaf (1989): "Bondeungdomslaget i Oslo 1899-1945", s. 11-97
Almenningen m.fl. (red.): "Og byen er vår bror..." *Bondeungdomslaget 1899-1989*. Oslo: Noregs Boklag/Bondeungdomslaget i Oslo.
- Bergsgard, Nils Asle (2005): *Idrettspolitikkenes maktspill. Endring og stabilitet i den idrettspolitiske styringsmodellen*. Avhandling for dr.polit. graden. Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi. Universitetet i Oslo.
- Bjørkvold, Jon-Roar (1989): *Det musiske mennesket. Barnet og sangen, lek og læring gjennom livets faser*. Oslo: Freidig forlag.
- Halkier, Bente (2003): *Fokusgrupper*. Fredriksberg: Samfundslitteratur & Roskilde Universitetsforlag.
- Henningsen, Erik (2001): "Fotballspilleren – motsigelse og mening", s. 49-69 i *Sosiologi i dag*, Årgang 31, Nr 1/2001.
- Jacobsen, Dag Ingvar og Thorsvik, Jan (1997): *Hvordan organisasjoner fungerer. Innføring i organisasjon og ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Klippenberg, M. (1995): "Folkeleg opplysning på fullnorsk grunn. Tida før 1905.", s. 15-86 i Hodne, Ø., Klippenberg, M., Kløvstad, J., Lauvrud, K., Okstad, K.M. og Seland, N.: *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896 – 1996*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lønning, Dag Jørund (red.) (2003): *Den norske bygda og den store verda. Om lokal utvikling i ei global tid*. Bø i Telemark: Telemarksforskning-Bø.
- Powell, Walter W. og Paul J. DiMaggio (ed.s) (1991): *The New Institutionalism in Organizational Analysis*, The University of Chicago Press.
- Rokkan, Stein (1987): *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Selle, Per (2002): "Det frivillige organisasjonsvesenet i endring", s. 179-193 i Bjørkås, S. (red.): *Kulturelle kontekster. Kulturpolitikk og forskningsformidling bind I*. Kristiansand: HøyskoleForlaget.
- Tangen, Jan Ove (2004): *Hvordan er idrett mulig? Skisse til en idrettssosiologi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Wollebæk, D. og P. Selle (2002): *Det nye organisasjonssamfunnet. Demokrati i omforming*. Bergen: Fagbokforlaget.

7 VEDLEGG – INTERVJUGUIDE FOR FOKUSGRUPPEINTERVJUA

- 1) Kan kvar og ein fortelje kort om kor lenge de har vore medlemmer og kvifor og korleis de starta i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget?
- 2) Kva er det beste med å vere med i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget? (motivasjonsfaktorar)
- 3) Kva er det verste med å vere med i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget? (frustrasjonsmoment)
- 4) Kor lenge trur de at de kjem til å vere medlem i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget?
- 5) Kva tyder det for dykk at Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget er et særslag i Bondeungdomslaget? Gjer det ein forskjell samanlikna med å vere med i ei anna teatergruppe/dansegruppe/idrettslag/kor?
- 6) Vil de fortsette å vere medlemmer i Bondeungdomslaget om de skulle slutte i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget?
- 7) Kva trur dykk at kjem til å vere avgjerande for om dykk fortsetter eller sluttar å vere medlem i Spellaget/Barnelaget/Leikarringen/Idrottslaget/Songlaget /Bondeungdomslaget?
- 8) Kan ein av dykk lese Bondeungdomslaget sitt lagsføremål høgt? Har de synspunkt på Bondeungdomslagets verdiar/ideologiske grunnlag? Kva betyr Bondeungdomslaget sine verdiar for medlemsskapet dykkar?
- 9) Organisasjonsstruktur er ei sentral problemstilling for Bondeungdomslaget for tida. Har de synspunkt på denne?
- 10) Har de forslag til korleis Bondeungdomslaget bør forandre seg? Korleis ser Bondeungdomslaget i Oslo ut i framtida?